

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

PERIODERAPPORT

2016-2019



Forord

Nordhordland Utviklingsselskap IKS 2016-2019

Denne rapporten er meint å oppsummera aktiviteten i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) for perioden 2016-2019. Som det går fram, har det vore ein svært aktiv periode, sjølv om gjerne ikkje alle prosjekta er like godt kjende.

NUI arbeider i det vesentlege med oppgåver fastsett av Regionrådet på vegne av dei ni kommunane som eig selskapet. Regionrådet består av ordførarane og rådmennene i eigarkommunane, og ordførarane utgjer representantskapet (generalforsamlinga) i NUI.

Det bokstaveleg talt mest synlege prosjektet NUI har arbeidd med i perioden er helsehuset i Knarvik. Her har dei ni eigarkommunane i NUI etablert eit eige selskap, Region Nordhordland Helsehus IKS (RNHI), som står for oppføringa og seinare drifta av bygget, men dagleg leiing av dette selskapet vert ivaretatt av NUI. Det same gjeld arbeidet med innhaldet i helsehuset i dialog med dei framtidige leigetakarane, og økonomistyringa av prosjektet.

19. juni 2019 vart Nordhordland utnemnd til eit UNESCO Biosfæreområde i UNESCO sitt hovudkvarter i Paris – som det første biosfæreområdet i Noreg. Dette har det frå NUI si side vore arbeidd med i fleire år, i eit tett samarbeid med spesielt Universitetet i Bergen. Fokus er no på dei strategiske vala som må gjerast for at regionen i størst mogleg grad skal kunna dra nytte av denne spesielle statusen. Det går på både reiseliv og anna næringsutvikling.

Dette er berre to av dei mange prosjekta NUI har vore og er engasjert i. Me vonar at ein gjennomgang av rapporten vil gje eit godt bilete av den mangslungne og omfattande aktiviteten selskapet, på vegne av dei ni 9 eigarkommunane, har vore engasjert i for perioden 2016- 2019.

Knarvik, 6.desember



Rune Heradstveit
Dagleg leiar



Håkon Matre
Styreleiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS 2019
Redaktør: Rune Heradstveit/NUI
Grafisk utforming: Kjersti Isdal/NUI
Forsidefoto: Link arkitektur AS, Kari E. Natland,
Tobby S. Tomassen, Rita Sæle Langeland

REGION
NORDHORDLAND

Innhold

Glimt frå 2016-2019	4	Nordhordlandspakken	28
Nordhordland utviklingsselskap IKS	6	Ny organisering av reiseliv i Nordhordland	30
Regionrådet	8	Kompetanseutvikling i Nordhordland	31
Utval	11	Interkommunal nærings- og samfunnsplan	32
IKT-strategi og utvikling	16	Vassområde Nordhordland	33
Sekretariatsfunksjonen for kontrollutval	17	Nordhordland biosfæreområde	34
Folketal og utvikling i Nordhordland	18	Forprosjekt ull	38
Region Nordhordland Helsehus	20	SHAPE	39
Samhandling i helsesektoren	23	Smaken av nordhordland	40
Samarbeid i randkommunane	26	Jordmassar - ta vare på matjorda!	41
Etablerarhjelp	27	Organisasjonsskisse	42



Matpause på Vetem, Meland. Foto: Heidi J. Mongstad.



Haust 2015:
Byggeprosjektet av Region
Nordhordland Helsehus er
under planlegging



2016: Interkommunal
nærings- og samfunnsplan
vedteke i Regionrådet



2016 Reiselivssatsing
vedtatt i Regionrådet og
kommunane

Glimt frå 2016-2019

2017


2016


2017: Forprosjektrapport
Region Nordhordland
Helsehus

2015/2016: Arbeid
med kommunereform i
Nordhordland

2016/2017: Jordmassar
frå problem til ressurs –
erfaringsbasert rettleiar,
seminar og kurs

2017: Nordhordlands-
pakken sendt til Stortinget





2018/2019: Rapport
«Kompetanse og utdanning
i Nordhordland.
Strukturer, samarbeid og
erfaringar frå regionen»

Januar 2019: Grave- og
spregningsarbeidet til
Region Nordhordland
Helsehus er i gong. Bygget
skal stå klart i ved årsskifte
2020/21

September 2019:
Nattevandring og opnings-
markering av Nordhordland
UNESCO Biosfære

2019

2018

2018: Utarbeiding av lokal
forskrift for spreidde avlaup

2018: Kontrakt inngått med
Consto om å byggja Region
Nordhordland Helsehus 13.
august.

2018/2019:
IKT Nordhordland
– utvikling og utviding av
samarbeidet

Juni 2019: Nordhordland
får status som eit UNESCO
Biosfæreområde!



Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) er eigd av dei ni kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy som alle er med i Regionrådet i Nordhordland. Samarbeidet har merkenamnet Region Nordhordland.

REGIONRÅDET SIN ADMINISTRASJON

NUI fungerer som Regionrådet sin administrasjon og utfører oppgåver og prosjekt som rådet vedtar. Selskapet sitt øvste organ er representantskapet som skal ha eitt medlem frå kvar kommune. Ordføraren i dei deltakande kommunane er kommunen sin representant med varaordfører som vararepresentant. Rådmennene har møte og tale-/forslagsrett.

Styret blir valt av representantskapet og består av tre medlemmer og to varamedlemmer. I perioden 2016-2019 har styret bestått av Håkon Matre (styreleiar), Kari Torkildsen Utkilen (nestleiar) og Arnhild Kjelleevold (medlem). Leif Taule, Audun Stusdal (2016-17) og Aashild Halland (2017-19) har vore varamedlemmer. Medrekna dagleg leiar Rune Heradstveit, har selskapet variert mellom seks og åtte tilsette i perioden.

Hovudstrategiar

NUI har valt å konsentrere si verksemd om fire hovudstrategiar:

- Marknadsføring av regionen
- Å betre kommunikasjonane

- Nærings- og arbeidsplassutvikling
- Meir effektiv forvaltning og tenesteproduksjon

Aktivitetane i Region Nordhordland skal bidra til vidareutvikling av regionen næringsmessig, sosialt og kulturelt. Gjennom ulike prosjekt og aktivitetar bestilt av Regionrådet eller rådmannsutvalet bidrar selskapet til ei effektiv og samordna leiding av interkommunale og regionale tiltak. Dei ulike prosjekta vert finansiert av eigarkommunane og eksterne samarbeidspartar (søknadar).

Kort og godt om måla for det regionale samarbeidet:

- Styrka livskvaliteten for dei som bur her
- Skapa det gode liv med fritid, arbeid og god helse
- Styrka samhandling mellom regionen og omverda
- Økonomisera med offentleg ressursbruk
- Bidra til utvikling og miljøvern

Les meir om prosjektarbeid og aktivitetar i Region Nordhordland på heimesida: www.regionnordhordland.no.

NUI har 24 % av aksjane i Nordhordland Næringshage AS og har hatt 40 % eigardel i Nordhordlandspakken AS som vart nedlagt i 2019.



Styret i Regionrådet i Nordhordland. Rune Heradstveit, Kari T. Utkilen, Håkon Matre, Arnhild Kjelleevold, Aashild Halland og Leif Taule. Foto: Kjersti Isdal.

AKTIVITETEN I NUI 2016-2019

Aktivitetar som NUI har jobba med i perioden nov 2016-2019 er blant anna desse:

Delegasjonar / besøk

- Helse Bergen HF – styremøte 2015
- Hordaland fylkeskommune, utval for Kultur, idrett og regionalutvikling 2017
- Hordaland fylkeskommune, seksjon for forskning, internasjonalsisering og analyse 2018
- Besøk av delegasjon frå Orknøylene 1. juni 2018
- Helse Bergen HF styremøte 2019
- Haraldsplass Diakonale Sjukehus, styremøte 2019
- KS – polsk delegasjon 2019

Prosjekt som har vore- og framleis blir jobba med

- Nordhordlandspakken
- Region Nordhordland Helsehus
- Kommunereforma
- Nordhordland Biosfæreområde
- Vassområde Nordhordland
- Smaken av Nordhordland
- Forprosjekt ull «varme trådar»
- Ullveka
- Shape – Sustainable Heritage Areas, Partnerships for Ecotourism

- Jordmasse frå problem til ressurs – ta vare på matjorda
- Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland
- Framtidig organisering av reiselivet i «Region Bergen»
- Prosjekt langvarige og koordinerte tenester (LKT)
- Ulike prosjekt innan IKT strategi og utvikling
- IKT Nordhordland, utviding av samarbeidet og endring til eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27
- Rapport «Kunnskap og kompetanse i Nordhordland»
- Randkommuneprosjektet der ein ser på ulike samarbeidsområde for kommunane utanom Alverkommune
- Fag- og tenesteutvikling i (og rundt) Helsehuset
- Forprosjekt om rekruttering av psykologar til kommunane
- Yrkes- og utdanningsmessa
- Utkantkonferansen

Rapportar / planar

- Interkommunal nærings- og samfunnsplan
- Rettleiar «Jordmasse frå problem til ressurs – ta vare på matjorda»
- HOG-energi – Rapport “Veikart for industriutvikling”
- Rapport «Kompetanse og utdanning i Nordhordland Struktur, samarbeid og erfaringar frå regionen»

TILSETTE

Nordhordland Utviklingselskap IKS har i dag seks fast tilsette. I tillegg kjem prosjektstillingar.



Rune Heradstveit
Dagleg leiar



Kari Evensen Natland
Prosjektleder



Anne Hildegunn Færøy
Prosjektleder



Bent Gunnar Næss
Prosjektleder



Tonje Husum Aarland
Prosjektleder



Kjersti Isdal
Prosjektleder



Arthur Berg Reinertsen
Prosjektleder



Bjørg Rydland
Sekretær (-2017)

Regionrådet

Kommunane i Nordhordland har mange felles utfordringar og samarbeider på fleire områder. Regionrådet Nordhordland er kommunane sitt samarbeidsorgan og rådet er etablert for å fremja kommunane sine felles ambisjonar for samfunnsutviklinga i regionen.

KOMMUNANE SITT SAMARBEIDSGRAN

Regionrådet er det strategiske organet som legg føringer for aktiviteten i Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Rådet er sett saman av ordførarane i dei ni medlemskommunane, og rådmennene har møte- og talerett. I inneverande kommunestyreperiode er ordførar Karstein Totland (Masfjorden) leiar for Regionrådet. Nordhordland Utviklingsselskap IKS er sekretariat for Regionrådet.

I perioden har Regionrådet hatt 24 møte. Rådet har hatt oppe mange viktige saker som t.d. E39 Klauvaneset-Vågsbotn, Nordhordlandspakken, nasjonal transportplan, kommunereforma, Region Nordhordland Helsehus, Nordhordland biosfæreområde, nærpolitireforma, skulebruksplan, reiseliv, buss- og ferjekorrespondanse, og ulike planar innan helse. Regionrådet har i perioden gitt høyringar på ulike reformer og planar, og har hatt mange orienteringar frå ulike etatar m.v.

Møteprotokollane ligg tilgjengeleg på www.regionnordhordland.no. Dagleg leiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS er sekretær for Regionrådet og har tale- og forslagsrett.

Regionrådet Nordhordland i perioden 2015-2019		
Ordførar	Rådmenn	Kommune
Per Lerøy (nestleiar)	Jan Olav Osen (2015-2018) Olav Mongstad (kst i periodar) Liv Løvvik (2018-)	Austrheim
Stian Herøy	Vidar Bråthen (2015-2016) Ingebjørg Vamråk (2016-2018) Nils Moldøen (2018-2019) Gjermund Hagesæter (2019-)	Fedje
Hallvard Oppedal	Reidun K. Halland	Gulen
Astrid Aarhus Byrknes	Ørjan Raknes Forthun	Lindås
Karstein Totland (leiar)	Svein Helge Hofslundsengen	Masfjorden
Øyvind Helland Oddekalv	Ingvild Hjelmtveit (2015-2017) Martin Kulild (2017-)	Meland
Tom Kristian Thorsen	Øyvind Olsnes (2015-2017) Jo Bjarte Tømmerbakke (2017-)	Modalen
Jarle Skeidsvoll	Odd Ivar Øvregård (2015) Jostein Førre (kst. 2016) Ingvild Hjelmtveit (2017-)	Osterøy
Jon Askeland	Jarle Landås	Radøy



Frå venstre: Karstein Totland, Jarle Skeidsvoll, Stian Herøy, Per Lerøy, Tom Kristian Thorsen, Astrid Aarhus Byrknes, Jon Askeland, Øyvind Helland Oddekalv, og sekretariatsleiar Rune Heradstveit (Hallvard Oppedal ikkje tilstades). Foto: NUI.

FORMELLE MØTE

- Nordhordlandstinget: 3
- Regionrådsmøte: 24
- Rådmannsmøte 24
- Representantskap NUI: 8
- Representantskap RNHI: 9
- Styremøte NUI: 7
- Styremøte RNHI: 22
- Diverse møte i underutval, andre utval og diverse samarbeid

KONFERANSAR

- Utkantkonferansen 2018: Rekruttering av legar og legevakt i utkantkommunar
- Utkantkonferansen 2019: Ungdommen vår – ein viktig ressurs no og i framtida!

HØYRINGAR, UTTALAR OG SKRIV

Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har på vegne av kommunane utarbeidd og sendt inn høyringsfråsegn til:

- Nye anbodskonkurransar for fylkesvegferjene
- Regionstamlinje Nordhordland, Skyss
- Framtida til Fedje sjøtrafikkssentral
- Endringane i eigedomskatten på verk og bruk
- Planprogrammet for Regional Transportplan 2018–2029
- Felles uttale tannklinikstrukturen i Nordhordland
- Kvinnslandsutvalet (utgreiing av ny organisering av eigarskapet til spesialisthelsetenesta)
- Hordaland fylkeskommune- skulebruksplan 2017-2030. Hordaland fylkeskommune vedrørande føreslått nedlegging av studiespesialisering med formgiving
- Opprett halda Service og samferdsle ved Knarvik vidaregåande skule
- Høyering Vestlandsregionen
- Høyering Nærpolitireforma
- Utgreiing av Ringveg øst og ny E39 Vågsbotn-Nordhordlandsbrua
- Regional transportplan Hordaland, planprogrammet. Uttale til Forslag Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029
- Uttale til Nedlegging av Bergen fengsel avd. Osterøy (Ulvsnø)
- Høyering Prehospital plan Helse Bergen 2018-2035
- Høyering Regional utviklingsplan 2019-2035 for Helse Vest RHF
- Høyering Utviklingsplan 2018-2035 for Haraldsplass

Diakonale Sjukehus

- Høyering Utviklingsplan for Helse Bergen HF 2018-2035

ANDRE MØTER

- Fleire møte med Vest politidistrikt
- Fleire møte med Skyss om kollektivtransport, ferjer, anbod
- Nasjonal transport plan- Innsjells- og høyringsmøte
- Regionalt vegkart for industriutvikling – dialogmøte i Nordhordland
- Møte med Hordalandsbenken i 2018 og 2019
- Møte med fylkesordførar og fylkesrådmann om saker regionen ynskjer å ta opp
- Fleire møte med byrådet i Bergen vedr E39 Vågsbotn-Nordhordlandsbrua

ORIENTERINGAR I REGIONRÅDET

- BRB om Strategisk næringsplan Bergensregionen
- Om kreftkoordinator i kommunane
- Velferdsteknologiprojektet i Lindås kommune
- Frå HOG Energi om arbeidet med «Omstillingsalliansen – eit vegkart for industriutvikling»
- Landbruksdirektør Åse Vaag om utvikling av landbruket i regionen
- Skyss om framtidige busstilbod i regionen og innhald i trafikkplanen for Nordhordland
- NGIR om ny renovasjonskontrakt
- NAV om partnarskapsavtalen med kommunane
- Om utdanningsstillingar i primærhelsetenesta (ALIS)
- Bergen kommune om brannsam arbeid i Bergensregionen
- Forstudiet til Regionalt kulturhus i Knarvik
- Om Nordhordland Revisjon og framtida
- U 864 på Fedje – presentasjon av forslag til heving
- Nordhordland Næringslag om strategiplan 2017-2020
- Nordhordland brann og redning om rapport «Etablering av ei felles regional brann- og redningsteneste i Nordhordland»
- Interkommunalt arkiv Hordaland om ny finansieringsmodell og selskapsavtale
- NGIR om vedtak i styret vedrørande eigenregi / anbod
- Nordhordland Næringslag om læreplassgaranti
- Bergen Reiselivslag med løypemeldingar
- Invest in Bergen med løypemeldingar
- Karriere Hordaland om nyoppretta kontor Karrieresenter Nordhordland
- Haraldsplass Diakonale sjukehus om akuttfunksjon
- Lindås kommune om dagsenter for demente i Alversund

- Folkeuniversitetet om tilbud for kommunesektoren
- Statens vegvesen om betaling for nullutsløppskjøretøy i Nordhordlandspakken
- Pål Eitrheim, Equinor om nye energiløysingar
- Helse Bergen HF om situasjon ved KK
- U-864 om nytt forslag til heving
- Bergen Reiselivslag om ny strategiplan og status for samarbeidet med kommunane
- Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest»

ANNA SOM HAR VORE OPPE I REGIONRÅDET


- Utviklingstrekk og nøkkeltal for regionen
- CO2BIO – tildelt kr 1 mill. frå kompensasjonsfondet
- Oppfølging av skulebruksplanen for Austrheim og Knarvik vidaregåande skule
- Austrheim vidaregåande skule, planlegging ny skule
- Framtidig linestruktur ved dei vidaregåande skulane
- Yrkes- og utdanningsmessa
- Velferdsteknologiprojektet
- Nasjonal ramme for vindkraft på land og friluftslivs-interesser i Stølsheimen.
- Kutt i ferjetilbod/buss- og ferjekorrespondanse
- Invitasjon til regionalt utviklingsprosjekt saman med NAV Vestland.
- Praksis når det gjeld innkrevjing av avgift til NGIR i kommunane i regionen.
- Ny kontrollutvals- og revisjonsforskrift
- Nordhordlandspakken
- Diverse søknadar om støtte



For å få gjennomført dei prosjekta kommunane gjennom Regionrådet vedtar er det avgjerande å ha eit operativt organ som Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Selskapet koordinerer tiltak og gjennomfører prosjekt som betyr mykje for regionen og dei som bur her.

Regionrådet si verksemd som politisk koordinerande organ for eigarkommunane vil også framover vera avhengig av at vi har ein fellesressurs med stor gjennomføringskraft.

Karstein Totland,
leiar av Regionrådet Nordhordland 2016-2019



Nordhordland. Foto: Eivind Senneseth.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) er vertskap for ulike utval under Regionrådet og har sekretariatsfunksjon for desse.

UTVAL FOR HELSE OG OMSORG

Utval for helse og omsorg (Helseutvalet) er Regionrådet sitt helse- og omsorgspolitiske samarbeidsforum for kommunane i Region Nordhordland, og får oppgåver frå – og rapporterer til- Regionrådet. Helseutvalet arbeider med overordna strategisk satsing og utviklingsarbeid på vegne av heile regionen, og er eit viktig koordinerande organ for samarbeid innan helse- og omsorgstenesta. Helseutvalet er arena for drøfting og vurdering av nasjonale og regionale føringar og endringar (organisatoriske, juridiske og/eller økonomiske) som kan få konsekvensar for kommunane sitt noverande og framtidige tenestetilbod.

Utvalet er samansett av tre ordførarar valt av Regionrådet, 2 rådmenn valt av rådmannsutvalet og to kommunelegar valt av fagrådet for kommunelegar. I denne valperioden har desse vore medlem: Astrid Aarhus Byrknes (leiar), Stian Herøy, Karstein Totland, Ingvild Hjelmteit, Jarle Landås, Tord Moltumyr og Peter Kubon.

Kontaktperson og sekretær for helseutvalet er Anne Hildegunn Færøy, samhandlingskoordinator og prosjektleiar i NUI.

Utval for helse og omsorg møtest 4 gongar årleg. Utvalet har handsama saker innan tema som:

- Region Nordhordland Helsehus
- Lokalisering av legespesialistar i Helsehuset
- Revisjon av samarbeidsavtalar mellom kommunar og helseføretak
- Døgnplasser for øyeblikkelig hjelp (ØHD)
- Fødselsomsorga og endra tilbod for fødande
- Nedlegging av Mammografibussen og endring i mammografitilbodet
- Legetenesta i kommunane og etablering av utdanningsstillingar
- Prehospital plan i Helse Bergen
- Etablering av felles Frisklivs-, lærings og meistringstilbod (FLM) i Nordhordland

- Etablering av FACT-team, rekruttering av psykologar til kommunane og Legemiddelberedskap i primærhelsetenesta.

Utover dette er det vedteke at utvalet skal ha eingjennomgang av saker som skal til handsaming i Samarbeidsutvalet for Nordhordland for å drøfta og eventuelt koma med innspel til sakene.

Kontaktperson og sekretær for helseutvalet er Anne Hildegunn Færøy.

Les meir på www.saman.no



Stongfjellet, Osterøy. Foto: Ingrid Skeidsvoll.

UTVAL FOR KULTUR, OMDØMME OG KUNNSKAPSUTVIKLING

Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling er eit viktig koordinerande organ for samarbeid innan desse fagområda. Utvalet får oppgåver frå- og skal vera saksførebuaende utval for Regionrådet. Utvalet kan sjølv ta initiativ til og fremja saker for Regionrådet.

Utvalet er samansett av tre ordførarar valt av Regionrådet. I denne valperioden er desse medlem: Øyvind H. Oddekalv (leiar), Tom Kristian Thorsen (nestleiar) og Jon Askeland.

Det har i perioden vore 12 møter og utvalet har handsama saker innan fleire tema:

- Oppfølging av «Skulebruksplan for dei vidaregåande skulane»
- Vurdert plan for interkommunale anlegg innan idrett
- Biosfæreprosjektet

- Yrkes- og utdanningsmessa
- Utkantkonferansen
- Magasinbehov for samlingar i Nordhordland
- Interkommunalt folkehelsearbeid

Utvalet har mellom anna gjort ei lita kartlegging av folkehelseiltak i dei ulike kommunane i regionen knytt til born/unge (2017). Kartlegginga viste at det vert arbeidd godt med folkehelseiltak i kommunane og det finst gode planar for arbeidet lokalt. Den viste vidare at kommunane treng å opparbeida meir kunnskap om tilstanden på faktorane som påverkar folkehelsa, og oversikt over utfordringsbildet på eit interkommunalt nivå.

Kontaktperson og sekretær for utvalet er Kari Evensen Natland.



UTVAL FOR NÆRING OG SAMFUNNSUTVIKLING

Utval for nærings- og samfunnsutvikling er Regionrådet sitt koordinerende organ for samarbeid innan næring og samfunnsutvikling, og arbeider med overordna strategisk satsing og utviklingsarbeid. Utvalet har fokus på saker som er viktig for regionen innan nærings- og tenesteutvikling, samferdsel (kollektiv, veg, bru, trafikktryggleik RTP, NTP m.v.), bu- og arbeidsområde og reiseliv. Utvalet får oppgåver frå- og rapporterer til Regionrådet. Utvalet kan sjølv ta initiativ til- og fremja saker for Regionrådet.

Utvalet er samansett av tre ordførarar valt av Regionrådet. I denne valperioden er desse medlem: Halvard Oppedal (leiar), Jarle Skeidsvoll (nestleiar) og Per Lerøy.

Dei viktigaste sakene og tema som utvalet har vore engasjert i denne perioden er:

- Oppfølging av «Interkommunal Nærings- og samfunnsplan Region Nordhordland 2016-2025»
- Utvikling i arbeidsplassar, sysselsetting og arbeidsledigheit
- Utvikling i folketal og demografi i regionen
- Interkommunal plan for sjøareal
- Omstilling til grønt skifte og korleis vil dette påverka regionen og kva kan regionen bidra med
- Rapport «Kunnskap om kompetansebehov for Nordhordland»
- Besøk lokale verksemder i regionen
- E39 Vågsbotn – Klauvaneset
- Kollektivtilbodet i Nordhordland; buss, snøggått og ferjer
- Dialogmøte med Nordhordland Næringslag og Industriutvikling Vest.

Kontaktperson og sekretær for utvalet er Bent Gunnar Næss.



RÅDMANNSUTVALET REGION NORDHORDLAND

Rådmannsutvalet i Region Nordhordland (RU) består av rådmennene i dei ni kommunane som inngår i Regionrådet, i tillegg til rådmannen i Vaksdal (Vaksdal er med i IKT-samarbeidet og i ein del andre samarbeidsprosjekt). I tillegg er dagleg leiar i NUI med i utvalet.

RU er eit samarbeidsforum for rådmennene i regionen der saker av felles interesse for kommunane og initiativ frå den einskilde rådmann blir tatt opp til drøfting og eventuelt vedtak. RU kan administrativt vedta samarbeidsprosjekt i regionen og kan i slike prosjekt vera styrande/koordinerande instans på overordna nivå. Den einskilde rådmann si fullmakt og individuelle vurdering vil vera styrande for om saka skal til politisk handsaming i kommunen. Fleirtalet kan ikkje binda eit mindretal til å vera med i samarbeidsprosjekt. Ved styring av vedtekne prosjekt gjeld alminneleg fleirtal eller det som følgjer av retningslinjer i prosjektet.

RU kan nyttast som administrativ styringsgruppe eller anna overordna organ for interkommunalt samarbeid etter vertskommunemodellen, jf. kommunelova. Deltaking er då avgrensa til kven som er deltakarkommunar i tiltaket. Leiar i RU er ei dugnadsoppgåve og går på rundgang blant rådmennene. Leiar vert valt for 2 år om gangen.

Rådmannsutvalet har i perioden hatt mange ulike saker på dagsorden. Dette er saker der kommunane har administrativt samarbeid innanfor ulike fagområde, prosjekt eller enkeltsaker der kommunane finn det føremålstenleg å samarbeida. Rådmannsutvalet handsamar også enkelte saker før dei går vidare til handsaming i Regionrådet. Fleire

prosjekt rapporterer til rådmannsutvalet. Utvalet har også spesiell fokus på oppfølging av samarbeidet ein har gjennom IKT Nordhordland og saker som gjeld strategisk utvikling innanfor IKT.

Rådmannsutvalet har i perioden 2016-2019 hatt 24 møter og utvalet har bestått av desse personane:

Rådmannsutvalet	
Rådmenn	Kommune
Jan Olav Osen (-2018) Olav Mongstad (kst i periodar) Liv Løvvik (2018-)	Austrheim
Vidar Bråthen (2016) Ingebjørg Vamråk (2016-2018) Nils Moldøen (2018-2019) Gjermund Hagesæter (2019-)	Fedje
Reidun K. Halland	Gulen
Ørjan Raknes Forthun	Lindås
Svein Helge Hofslundsengen	Masfjorden
Ingvild Hjelmtveit (-2017) Martin Kulild (2017-)	Meland
Øivind Olsnes (-2017) Jo Bjarte Tømmerbakke (2017-)	Modalen
Jostein Førre (kst. 2016) Ingvild Hjelmtveit (2017-)	Osterøy
Jarle Landås	Radøy
Trine Grønbech (-2018) Åse Elin Myking (kst. i periodar) Atle Fasteland (2019-)	Vaksdal
Rune Heradstveit	NUI



Frå venstre: Åse Elin Myking, Ørjan Raknes Fortun, Olav Mongstad, Martin Kulild, Ingvild Hjelmtveit, Reidun K. Halland, Jarle Landås, Jo Bjarte Tømmerbakke, Svein Helge Hofslundsengen, Nils Moldøen og Rune Heradstveit. Foto: NUI/ Kjersti Isdal.

KOMMUNALSJEFGRUPPA FOR HELSE OG OMSORG

Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg er eit nettverk for leiarar med overordna ansvar innan helse og omsorg i Region Nordhordland. Gruppa har ein rådgjevande og koordinerande funksjon for Rådmannsutvalet i Nordhordland i høve utvikling, organisering, ansvar og gjennomføring av prosessar, prosjekt, planar og felles løysingar innan helse og omsorg.

Kommunalsjefgruppa vurderer og følgjer opp samarbeid med spesialisthelsetenesta, initierer og støttar opp om strategiske prosessar innan helse og omsorg, og bidrar til tverrfagleg samarbeid med andre tenesteområde i Nordhordland.

Kommunalsjefgruppa fungerer som styringsgruppe for interkommunale samarbeidsprosjekt innan sektoren, supplert med representantar for aktuelle samarbeidspartar og brukarrepresentantar. Gruppa er også Administrativ nemnd for Nordhordland legevakt saman med leiarar ved legevakta og rådmannen i Lindås kommune.

I perioden har kommunalsjefgruppa hatt 6- 7 heildagsmøte årleg, der noko av tida har vore avsett til møter i styringsgrupper for aktuelle samarbeidsprosjekt innan helse og omsorgstenester i regionen, og fellesmøter med kommuneoverlegar (frå 2018).

I perioden har kommunalsjefgruppa mellom anna handsama desse sakene:

- Velferdsteknologiprojektet
- Samarbeid innan psykisk helse og rus
- Etablering av FACT-team
- Friskliv, læring- og meistringstilbod
- Gjennomgang og drøfting av saker til handsaming i Samarbeidsutvalet for NH
- Oppfølging av tiltak i Handlingsplan for interkommunalt samarbeid innan HO tenesta
- Avvikshandtering- mellom kommunar og sjukehus
- Oppfølging av Akuttmedisinforordninga i kommunane
- Naudnett og first-responder i kommunane
- Revisjon av samarbeidsavtalar mellom kommunar og sjukehus
- Krisesentertenesta i kommunane
- Vurdering og utarbeiding av felles høyringsuttalar til regionale og nasjonale dokument
- Interkommunal kreftkoordinator
- Evaluering av ØHD-døgnpost

Kontaktperson og sekretær er Anne Hildegunn Færøy, samhandlingskoordinator i NUI. Sekretær har saman med leiar av gruppa ansvar for planlegging og gjennomføring av møte, og oppfølging av saker der det er nødvendig.



Bøvågen, Radøy. Foto: Ragnar Floen.

IKT-strategi og utvikling

Visjonen for utviklingssamarbeidet mellom kommunane er: Saman skal vi fornya og levera digitale tenester som gir innbyggjarar og næringsliv eit reelt digitalt førsteval. Målet for arbeidet dei siste åra har vore å fortsetja arbeidet med oppdatering av fagsystem og å starta med å utvikla digitale verktøy som understøttar tenesteutviklinga i den enkelte kommune med brukaren i sentrum.

Nye og oppgraderte fagsystem

Det har i perioden vore arbeidd med ei rekke prosjekt med fokus på standardisering og implementering av nye og moderne fagsystem for å effektivisera dagleg drift. Typiske prosjekt har vore: standardisering og samkøying av økonomisystem, løn og personal, ny barnehage- og skuleløyising.

Standardisering

Eit godt døme på korleis alle kommunane samarbeider om utviklinga, er utvikling og standardisering av økonomisystemet Visma. Ein viktig læringsprosess og faktor for suksess i prosjektet, var samarbeidet som vart etablert mellom ulike faggrupper og fagavdelingar i kommunane. Faggruppene bidrog positivt til læring og erfaringsutveksling i prosjektet. Dette har i stor grad også medverka til auka kompetanse hos deltakarane i dei ulike gruppene. Vidare arbeid i- og samarbeid mellom faggruppene vert viktig for vidare samordning.

Digitalt Førsteval - Digital Dialog

Ein vesentleg forutsetning for utvikling og forbetring av tenestene til publikum, er ein funksjonell og publikumsvenleg portal. Dessutan må krava til sikkerheit og personvern oppfyllest. Det vart difor i 2018 utvikla ei heilt ny, moderne portalløysing som inneheld løysing for både sikkerheit og MinSide-funksjonalitet. Prosjektet vart gjennomført av ei

prosjektgruppe samansett av ressurspersonar frå nokre kommunar. Alle kommunane vart inkludert i høyringar og vedtak. Min Side har vore i fokus i 2019, og det er etablert ei eiga arbeidsgruppe som arbeider vidare med dette. Det er også arbeid i gong på MinSide i regi av Digitale Hordaland, Bergen Kommune og KS.

Organisering og utvikling av IKT området i NH

For å lukkast med digitaliseringa framover er det naudsynt å styrkja utviklingsarbeidet innan IKT. Dette er det stor einigheit om i kommunane. Difor har det hausten 2018 og i 2019 vore gjennomført eit betydeleg arbeid for å utarbeida både prinsipp, mandat, strategiar og forslag til organisering. I tillegg er det vedtatt å delta i samarbeidet i Digitale Hordaland. Dei viktigaste tiltaka på dette området er:

- Utviding av samarbeidet på IKT drift til å omfatta fleire kommunar. Kommunane Austevoll, Samnanger og Gulen er no inkludert.
- Etablering av IKTNH som eit §19-selskap i samsvar med kommunelova.
- Styrking av samarbeidet med ny organisering av arbeidet innan digitalisering og innovasjon

Kontaktperson for IKT strategi og utvikling i perioden har vore Arthur Berg Reinertsen. I november 2019 overtok Lars Tveit denne funksjonen.



Alverstraumen, Lindås. Foto: Rune Heradstveit.

Sekretariatsfunksjonen for kontrollutval

Nordhordland Utviklingsselskap IKS har sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §20 omhandlar sekretariatsfunksjonen til kontrollutvalet og seier mellom anna at "Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen".

I 2017, 2018 og 2019 har sekretariatet delteke i førebuing av felles møter for kontrollutvala i Lindås, Radøy og Meland. Tema for møta har vore knytt til etableringa av Alver kommune.

I 2018 utgreidde sekretariatet sak for «Val av revisjonsordning for Alver kommune».

Fellesnemnda for Alver kommune vedtok i møte den 03.11.2018 å vidareføra eksisterande sekretærfunksjon med Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

Sekretariat har i perioden bestått av:

Tonje Husum Aarland, NUI
Bent Gunnar Næss, NUI
Øivind Olsnes, NUI

I kommunestyreperioden 2016-2019 har sekretariatet delteke og førebudd slik møteaktivitet for kontrollutvala:

Kommune	Tal møte				Tal saker			
	2016	2017	2018	2019	2016	2017	2018	2019
Austrheim	5	5	5	4	47	46	40	37
Fedje	4	4	4	2	37	40	37	17
Lindås	7	7	6	7	64	66	65	66
Masfjorden	5	4	4	3	39	36	30	28
Meland	5	5	5	5	44	54	44	50
Modalen	4	3	2	3	34	26	19	26
Osterøy	4	4	5	3	38	47	43	30
Radøy	5	5	4	5	43	47	39	35

Nær alle kontrollutvala hadde også eit møte ved oppstart etter kommunevalet i 2015.

Folketal og utvikling i Nordhordland


FOLKETAL

Folketalet i regionen har auka med 21 % sidan 2000, meir enn gjennomsnittet for landet (19 %). Det er store skilnadar mellom kommunane. Meland skil seg ut med ein vekst på 53 % som er høgast i fylket, men også i Lindås har auken vore stor. Dei minste kommunane med unntak av Modalen har ein reduksjon i folketalet når ein ser på heile perioden frå 2000 til 2019.

Året 2018 føl trenden frå 2017 med låg vekst i folketalet, også for landet totalt. Den låge auken skuldast først og fremst at nettoinnflytting til regionen er negativ med 122, noko som er historisk lågt.

SSB sin prognose (middels vekst) frå 2018 viser at folketalet i 2025 i Nordhordland vil vera 48 000, ein auke på 3 000 samanlikna med i dag. Veksten har stoppa opp, så SSB sin prognose frå 2018 kan synast å vera for optimistisk med dagens trend, sjølv om den er redusert samanlikna med prognosen frå 2016.

Bergen har over 50 % av folketalet i Hordaland. Veksten i Bergen i 2018 var på 0,5 %, nesten på nivå med landet- 0,6 %. Dersom veksten i Bergen held seg låg, er det grunn til å rekna med at veksten i kommunane rundt Bergen også vil avta.



Folketal 01.01. i åra							Folketal - 2019 i % av		
	2000	2005	2010	2015	2018	2019	2000	2010	2018
1252 Modaler	354	361	344	378	380	380	107 %	110 %	100,0 %
1253 Osterøy	7 006	7 207	7 421	7 842	8 125	8 120	116 %	109 %	99,9 %
1256 Meland	5 353	5 861	6 631	7 736	8 079	8 187	153 %	123 %	101,3 %
1260 Radøy	4 585	4 656	4 825	5 014	5 129	5 091	111 %	106 %	99,3 %
1263 Lindås	12 492	13 043	14 286	15 402	15 789	15 812	127 %	111 %	100,1 %
1264 Austrheim	2 527	2 527	2 738	2 856	2 902	2 887	114 %	105 %	99,5 %
1265 Fedje	682	661	594	563	561	562	82 %	95 %	100,2 %
1266 Masfjorden	1 774	1 693	1 635	1 704	1 730	1 711	96 %	105 %	98,9 %
1411 Gulen	2 489	2 459	2 302	2 335	2 345	2 322	93 %	101 %	99,0 %
Nordhordland	37 262	38 468	40 776	43 830	45 040	45 072	121 %	111 %	100,1 %
Hordaland	433 932	450 348	479 185	511 357	522 539	524 495	121 %	109 %	100,4 %
Landet totalt	4 478 497	4 606 363	4 858 199	5 165 802	5 295 619	5 328 212	119 %	110 %	100,6 %

Dei kommunane som har større vekst enn landet - er lysegrønne felt

Figur: Dei kommunane som har større vekst enn landet er markert med lysegrønne felt. Figur: Bent Gunnar Næss, Region Nordhordland.




DEMOGRAFI OG UTVIKLING

Vekstkommunane har ei ung befolkning. Dei kommunane som har slite med fallande folketal har ein eldre befolkning. Den gruppa som er 15 år og yngre utgjer 21 % i regionen totalt. Meland kommune har den høgste andelen med 24 %. I aldersgruppa som føder barn (21–40 år), så har Nordhordland noko lågare andel enn resten av landet.

Tal barn i regionen som er under 1 år pr. 1. januar 2019 (født i 2018) er det lågaste talet sidan 1. januar 2012. For landet totalt har det vore ein jamt fallande kurve sidan 2010.

For gruppa 68 år og eldre er Nordhordland totalt ganske likt resten av landet, men det er store forskjellar mellom kommunane.


For nokre av kommunane utgjer denne gruppa nærare 20 %, mens for Alver er ho om lag 14 %.



ARBEIDSLEDIGE I NORDHORDLAND

Arbeidsledigheita er ved utgangen av juli 2019 nede på eit lågt nivå. I Nordhordland var ho på om lag 2,0 %, litt lågare enn for landet som er 2,4 %.

I 2016 og starten av 2017 var arbeidsledigheita i Nordhordland over 3,5 %- høgare enn landet totalt. Det har difor vore ein positiv utvikling i regionen. Heilt ledige i Nordhordland er no under 50. På det meste var det over 800.



Mo, Modalen. Foto: Tonje Husum Aarland.

Region Nordhordland Helsehus

Region Nordhordland Helsehus skal vera ein felles arena for ulike tenester som samarbeider for betre helse og tryggleik for innbyggjarane i Nordhordland.

Region Nordhordland Helsehus (RNH) er eit av dei største politiske samarbeidstiltaka som har vore i regionen, og tiltaket vil vera med på å leggja rammer for samarbeid og samordning av helsetenester til det beste for innbyggjarane.

Samfunns målet for Helsehuset er:

«Å realisera eit Helsehus som legg til rette for brukarvenlege, bærekraftige og framtidsretta løysingar, der kommunale, interkommunale og spesialiserte helsetenester vert samlokalisert og samarbeider på tvers av tenester og nivå».

Byggjeprojektet er godt forankra i eigarkommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Dei har organisert dette gjennom felles eigarskap i selskapet Region Nordhordland Helsehus IKS (RNHI) som:

- er prosjektansvarleg for byggjeprojektet.
- har ansvar for oppføring, utleige, drift og vedlikehald av bygget.
- skal levera rom og areal i samsvar med behovet til/ bestilling frå leigetakarane og i tråd med rammene for prosjektet.

Arealet er utforma slik at det legg til rette for samarbeid og samhandling på tvers av ulike fagmiljø og tenestenivå. Det er eit mål at utforminga av Helsehuset skal bidra til utvikling, læring og bygging av sterke fagmiljø som gir eit godt grunnlag for rekruttering av nødvendig kompetanse i framtida.

Om tenestene/leigetakarane

Hovudleigetakarar i Helsehuset er Helse Bergen HF, Hordaland fylkeskommune v/fylkestannlegen og Alver kommune. Bygget vil innehalda eit bredt spekter av tenester



til barn, unge og vaksne. Saman vil dette vera ein viktig bergebjelke i vidare utvikling av tenestetilbodet i kommunane og i regionen.

Utforming av arealet i Helsehuset har skjedd i tett samarbeid og dialog mellom prosjektleiar, arkitektar, prosjekterande ingeniørar, byggherre og representantar for leigetakarane og brukarane. Dette for å sikra best mogleg arealutnytting, sambruk av areal og god funksjonalitet når det gjeld logistikk og brukarvenlege løysingar i bygget. Arealet er utforma slik at det legg til rette for samarbeid og samhandling på tvers av ulike fagmiljø og tenestenivå. Det er eit mål at utforminga av Helsehuset skal bidra til utvikling, læring og bygging av sterke fagmiljø som gir eit godt grunnlag for rekruttering av nødvendig kompetanse i framtida.

Eit av måla med helsehusprosjektet er å få fleire legespesialistar til å lokalisera seg i regionen. Med utgangspunkt i dette og at det er ei skeivfordeling når det gjeld lokalisering av legespesialistar i fylket, har det i perioden vore fleire møte med Helse Vest RHF og Helse Bergen HF. Det har vore arbeid med å få hjarte- og lungespesialist, gynekolog og spesialist innan øyre- nase- hals. Samhandlingskoordinator har saman med leiar i Utval for helse og omsorg og kommuneoverlegen i Masfjorden leia dette arbeidet. I mai 2019 vart det meldt frå Helse Vest RHF at det er inngått avtale med hjartespesialist som skal etablere praksis i Helsehuset. Det vil bli arbeid vidare med å få fleire spesialistar til å lokalisera seg i bygget.

HELSEHUSET – ein viktig arena for tenesteutvikling og kompetansebygging

Helsehuset skal romma tenester innanfor ulike sektorar i kommune og sjukehus. Det er semje om at ei slik

samløkalisering legg godt til rette for etablering av gode og sterke fagmiljø, samarbeid og samhandling, utvikling og læring og bidrar til betre rekruttering og stabilitet i kompetanse innanfor ulike tenesteområde i regionen.

Formålet med Helsehusprosjektet er å:

- Betra helse og tryggleik for innbyggjarane i Nordhordland
- Styrka samarbeidet mellom kommunane i regionen, spesialisthelsetenesta og sivilt samfunn gjennom auka dialog, utvikling av gode samarbeidsløysingar og tenleg oppgåveløysing

På dagtid vil omlag 230 personar ha sitt virke i bygget. I tillegg vil det vera aktivitet på kveld, natt og helg. 400-600 brukarar/pasientar vil gå inn og ut av Helsehuset kvar dag.

- Bidra til rekruttering og auka kompetanse innan helse- og omsorgssektoren

Med bakgrunn i mål og formålet med prosjektet har det vore gjort eit arbeid for å kartlegga, analysa og vurdere korleis aktørane skulle nå desse måla. Rapporten "Helsehus i Nordhordland - Realiteter, visjoner og innspill til vidare prosess" vart utarbeidd og lagt til grunn for vidare arbeid med tematikken.

Styret i Region Nordhordland Helsehus IKS 2015-2016:

- Håkon Matre, leiar
- Anne-Grete Strøm Erichsen, nestleiar
- Torbjørn Nævdal, styremedlem
- Rita Tveiten, varamedlem
- Steinar Hunsbår, varamedlem

Styret i Region Nordhordland Helsehus IKS 2017-2018 og 2019-2020:

- Håkon Matre, styreleiar
- Torbjørn Nævdal, nestleiar
- Rita Tveiten, styremedlem
- Steinar Hunsbår, styremedlem
- Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem

Rune Heradstveit er dagleg leiar i Region Nordhordland Helsehus IKS og prosjektleiar for byggjeprojektet. I arbeidet med prosjektet har han med seg Anne Hildegunn Færøy og Bent Gunnar Næss i Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

Tenester i Helsehuset:

- Dialyse
- Ambulansestasjon
- Psykisk helsevern for vaksne (DPS)
- Psykisk helsevern for barn og unge (BUP)
- Hud poliklinikk
- Hjartespesialist
- Tannklinikk
- Nordhordland legevakt
- Døgnplassar til øyeblikkelig hjelp
- Psykisk helse og rus
- Barnevern
- PPT
- Helsestasjon og jordmorteneste
- Fastlegekontor
- Psykolog
- Fysio- og ergoterapitenesta
- Kantine
- Møterom og kunnskapssenter

Link arkitektur AS vann konkurransen om å teikna Region Nordhordland Helsehus. Cowi AS vart seinare engasjert som rådgjevande ingeniør, medan Sweco AS har hjelpt RNHI med prosjektleiing. Det fyrste skisseprosjektet vart levert i november 2015, men det vart bestemt å utvikla dette vidare. Nytt skisseprosjektrapport vart levert hausten 2016, og det dannar grunnlaget for forprosjektet som var ferdig våren 2017.

Hausten 2017 var tilbudsgrunnlaget ferdig og lagt ut til konkurranse, fyrst på prekvalifisering. Det var stor interesse for oppdraget, og 10 leverandørar søkte om å få delta i konkurransen. Etter prekvalifisering valte RNHI ut fem leverandørar som vart invitert til å gje tilbod. Skanska Norge AS, LAB Entreprenør AS, HENT AS og Consto AS leverte inn tilbod, og det vart våren 2018 gjennomført forhandlingar med desse. Consto AS sitt tilbod vart totalt sett vurdert til å innehalda det beste forholdet mellom pris og kvalitet. Konkurransen gav både kvalitativt og økonomisk eit godt resultat.

Consto vart tildelt oppdraget i juni 2018, med kontraktsdato frå 6. august 2018. Hausten vart brukt til oppstartsplanlegging, detaljprosjektering og klargjering av tomt med riving av eksisterande bygg. I november vart bygningane på tomte rive og Consto starta med grunnarbeidet 3. desember 2018. I samband med etableringa av helsehuset, inngjekk RNHI avtale med Telenor om flytting av eksisterande Telenoranlegg. Dette vart eit stort og komplisert arbeid av di det måtte byggjast ny basestasjon og mast som vart etablert på KIM Industrier sin eigedom 100 meter sør aust for helsehuset. I tillegg var det mange kablar som måtte flyttast, fyrst midlertidig, og seinare permanent.

Støypearbeida på helsehuset starta i februar 2019, og etter sommarferien byrja tømmerarbeidet på bygget. Det har i heile denne perioden vore tett samarbeid mellom RNHI og Consto, og det har vore jamlege brukarprosessar for å sikra eit best mogeleg bygg når det står ferdig.

Bygget har hausten 2019 reist seg og viser no godt igjen i Knarvik. Bygget skal vera tett til jul 2019, og vil stå ferdig i slutten på 2020. Innflytting vil skje i januar / februar 2021.

RNHI har ein utbyggingsavtale med Lindås kommune, og i denne avtalen ligg det mellom anna at RNHI skal utarbeida allmenningen utanfor bygget, og gang-/sykkelveg m.v. langs fasaden mot Kvassnesvegen. I tillegg bidrar RNHI med kr 8,6 mill. til områdeplanen elles.

Bygget vert på 12 764 m² BRA, og består av 6 etasjar og 3 485 m² BRA parkeringskjeller og teknisk areal.



Kontraktsmøte med Consto 13. august 2018. Håkon Matre, styreleiar RNHI, Arve Sande, regionssjef Consto og Rune Heradstveit, dagleg leiar i RNHI.



Region Nordhordland Helsehus under bygging, hausten 2019.



Dagleg leiar Rune Heradstveit og Prosjektleiar Anne Hildegunn Færøy frå NUI inspiserar arbeidet undervegs.

Samhandling i helsesektoren



Samarbeid og samhandling innan helse- og omsorgssektoren - samarbeid mellom kommunar og med spesialisthelsetenesta.

Samhandlingskoordinator i NUI, Anne Hildegunn Færøy, er kommunane i Nordhordland sin ressurs i samarbeidet mellom kommunar og sjukehusa; Haraldsplass Diagonale sjukehus (HDS) og Haukeland Universitetssjukehus/Helse Bergen HF (HB). 30 % av stillinga er sett av til dette.

Samarbeidsutvalet for Nordhordland (SU)

SU er ein sentral møtearena for samarbeidet mellom kommune- og spesialisthelsetenesta. Her møtest kommunane i Nordhordland, Helse Bergen HF, og Haraldsplass Diagonale Sjukehus. SU sin hovudfunksjon er å ivareta og vidareutvikla eit godt fagleg og organisatorisk samarbeid mellom tenestene.

Kvar kommune i utvalsområdet (Region Nordhordland) har ein representant i utvalet, saman med representantar frå dei to sjukehusa. Brukarutvalet ved dei to sjukehusa er og representert. SU har 4 møter i året. Tord Moltumyr, kommuneoverlege i Meland, er for tida leiar av SU, medan samhandlingskoordinator i NUI ivaretar sekretariatsfunksjonen. Toppleiarmøte er øvste organ i samarbeidsstrukturen, og er eit årleg møte mellom politisk og administrativ leiing i kommunane, leiinga


i spesialisthelsetenesta, leiar i brukarutvala, KS og hovudsamanslutningane. Toppleiarmøte er forankra og nedfelt i Overordna samarbeidsavtale, og skal sikra forankring og etterleving av samhandlingsavtalar og kan gje styringssignal til organ innanfor strukturen.

Samarbeidssekretariatet (SSE)

SSE er samansett av ressursar på rådgjevarnivå frå spesialisthelsetenesta og kommunane i dei fire samarbeidsutvala i Helse Bergen sitt opptaksområde. Samhandlingskoordinator i NUI er kommunane i Nordhordland sin ressurs i sekretariatet.

SSE er både ei praktisk drivkraft og koordinerande instans innanfor samarbeidsstrukturen som er fastlagt i gjeldande overordna samarbeidsavtale, og arbeider etter eige mandat, med spesifikke oppgåver godkjent av dei fire samarbeidsutvala i opptaksområdet.

SSE førebur saker, utarbeider sakslister og bidrar til at vedtak vert fylgt opp. SSE har også ansvar for å leggja til rette for gjennomføring av det årlege toppleiarmøtet.



PROSJEKT LANGVARIGE OG KOORDINERTE TENESTER (LKT)

Prosjekt Langvarige og koordinerte tenester (LKT-prosjektet) er eit samarbeidsprosjekt mellom 24 kommunar, Haukeland Universitetssjukehus og Haraldsplass Diakonale Sjukehus. Prosjektet har ambisjonar om å utarbeida eit rammeverk for å betra samarbeidet og samhandlinga med og for pasientar med behov for langvarige, heilheitlege og koordinerte tenester. Bestillinga kjem frå dei fire samarbeidsutvala i Helse Bergen sitt opptaksområde.

Føremålet med prosjektet er mellom anna at pasientar i større grad enn i dag skal oppleva tryggleik, kvalitet og eigenmeistering i møte med helsetenesta.

Målet er å utarbeida eit rammeverk som skal leggja til rette for betre samarbeid og samhandling me og om den enkelte pasient. Dette skal gje betre koordinering og tryggleik for pasientar og pårørande, og gje føringar for korleis tenestene skal samarbeida og samhandla med kvarandre, med den enkelte pasient og med pårørande.

Samhandlingskoordinator i NUI er frikjøpt til å arbeida 30 % som prosjektmedarbeidar. Ho er ein av tre ressurspersonar i LKT-prosjektet sitt kjerneteam, som har arbeidd med prosjektet i 2017, 2018 og 2019. Kostnadane er dekkja av dei 24 kommunane i Helse Bergen føretaksområde.

Det har mellom ann vore arbeidd med å innhenta, kategorisera og analysa data, og det vore gjennomført feltarbeid der kjerneteamet har følgd pasientar og deira pårørande på deira «reise» gjennom hjelpeapparatet.

Prosjektet skal levera ein rapport om arbeidet med LKT-prosjektet, og utarbeida ein rettleiar for utprøving av rammeverket. Etter dette er det opp til kommunar og sjukehus i samhandlingsstrukturen å vurdera om LKT-rammeverket skal prøvast ut i eit pilotprosjekt.

UTKANTKONFERANSEN

Utkantkonferansen er ein møteplass for fag, administrasjon, politisk leiing og næringslivet i Nordhordlandskommunane og delar av Sogn og Fjordane, der målet er å dela kunnskap, inspirera, diskutera og orientera kvarandre om ulike tema innan ulike fagområde.

Utkantkonferansen har sitt utgangspunkt i eit initiativ frå Utkantlegane, eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Masfjorden og Modalen. Sentrale pådrivarar for planlegging og gjennomføring av konferansen er Rolf Martin Tande, kommuneoverlege i Masfjorden kommune og Anne Hildegunn Færøy og Tonje Husum Aarland frå NUI.

Utkantkonferansen 2018

5. februar 2018 vart utkantkonferansen arrangert for første gang. Tema var helseberedskap, rekruttering av legar og legevakt i utkantkommunar. Konferansen samla omlag 85 deltakarar frå kommunar, sjukehus og næringsliv i Hordaland og Sogn og Fjordane. Representantar frå kommunar i Troms, Helse og omsorgskomiteen på Stortinget, Helsedirektoratet, Fylkesmannen og KS med fleire deltok også. NUI hadde saman med Utkantlegane og Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin ansvar for planlegging og gjennomføringa.



Utsikt frå Stongfjellet, Osterøy. Foto: Rune Heradstveit

Utkantkonferansen 2019

Utkantkonferansen 2019 vart arrangert 1. april og samla om lag 160 deltakarar frå kommunar, fylkeskommunar, politi, sjukehus og næringsliv. Årets tema retta fokus på ungdommen som ein viktig ressurs med mange ferdigheiter: Ungdommen vår- ein viktig ressurs no og i framtida!

Programmet var variert med eit stort spekter av foredrag, faglege innspel og paneldebatt. Korleis samfunnet på ulike måtar kan bidra til å utvikla ungdommen sine ferdigheiter vart belyst frå fleire synsvinklar. Ressursgruppa i Nordhordland fekk utdelt UTKANTPRISEN 2019 som takk for god hjelp i arbeidet for å gjera utkantane i landet vårt til gode stader å leva.

Planlegginga skjedde i tett samarbeid mellom NUI, sentrale ressurspersonar i kommunane, Helse Bergen, NORCE, FRAMO, Nordhordland Næringslag og Utkantlegane.

PLAN FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID INNAN HELSE- OG OMSORGSTENESTA I REGION NORDHORDLAND 2014 – 2017

Plan for interkommunal samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland vart vedtatt av alle kommunestyra i 2014. Planen skulle bidra til felles forståing for framtidige utfordringar og leggja til rette for interkommunalt samarbeid om oppgåveløysinga der dette er tenleg. Målet er å styrka det gode fundamentet kommunane i Nordhordland har etablert når det gjeld samarbeid på tvers av kommunegrensar innan helse- og omsorgssektoren.

Planen har som formål å bidra til:

- betra helse og tryggleik for innbyggjarane
- auka meistringsemne og livskvalitet hjå innbyggjarane
- tilstrekkeleg kompetanse og fagmiljø i kommunane og regionen
- interkommunal samordning i møte med spesialisthelsetenesta

Med bakgrunn i føringar i lov, forskrift og avtaleverk vart det definert fire innsatsområde som det i planen skulle rettast særleg fokus på dei komande åra. Dei fire innsatsområda er folkehelse, samarbeid om ressurs- og kompetansekreivjande oppgåver, rekruttering og kompetanse og IKT og velferdsteknologi. Framtidige samarbeidstiltak vart definert for kvar av innsatsområda og konkretisert i ein felles handlingsplan. Planen vart godkjent av Rådmannsutvalet og ansvar for oppfylging, rullering og

evaluering er lagt til NUI i samarbeid med kommunalsjefnivå i samarbeidskommunane.

Døme på samarbeidstiltak og prosjekt som er forankra i planen og gjennomført i perioden:

- Arbeid med utforming og utprøving av modell, kompetansebygging og etablering av fast tilbod om Lærings- og meistringstenester i regionen er gjennomført og sett i drift i perioden
- Samarbeid om etablering av ambulante team og ØHD senger innan psykisk helse og rus;
 - o Etablering av FACT Nordhordland, eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane og Helse Bergen, finansiert gjennom midlar frå Helsedirektoratet, Helse Bergen og kommunane.
 - o Vidareutvikling av Øyeblikkelig hjelp døgntilbod (ØHD) til også å gjelda for psykisk helse og rus
- Planlegging av felles fagdagar på tvers av kommunane pågår kontinuerleg
- Planlegging av Helsehuset som ein arena for kompetansebygging og utvikling
- ALIS-vest (allmennleger i spesialisering)- <https://alisvest.wordpress.com/>
- Utvikle og planlegge for bruk av velferdsteknologi i alle kommunar. Les meir om dette på [Nordhordlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi](#).
- Psykologprosjektet

PROGRAM FOR FOLKEHELSEARBEID I KOMMUNANE 2017-2027

NUI v/samhandlingskoordinator er på vegne av Regionrådet utpeika til å vera kommunane i Nordhordland sin ressurs i Samarbeidsorganet for folkehelsearbeidet i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune er godkjent som programfylke og har fått tilsegn om kr 6 mill. pr. år i 6 år, med atterhald om Stortinget sine årlege løyvingar.

Samarbeidsorganet for folkehelsearbeidet i Hordaland er samansett av representantar frå kommunane, frå kunnskaps- og forskingsmiljø, fylkesmannen, frivillig sektor, politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen, ungdomsrepresentantar og NAV.

Samarbeidsorganet møtest to til tre gongar årleg og skal m.a. følgja med i arbeidet knytt til Program for folkehelsearbeid i kommunane. Organet skal også drøfta og gje råd til fylkeskommunen om val av kriterier for å inkludera kommunar og tiltak i programmet, og gje råd for endeleg val av kommunar og tiltak inn i programmet.

Samarbeid i randkommunane

Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal starta i 2018 eit arbeid med å sjå på område som er aktuelle for konkrete samarbeid.

«RANDKOMMUNANE» I NORDHORDLAND

Etter at den nye kommunestrukturen i regionen var fastsett oppmoda fylkesmannen randkommunane i Nordhordland om å vurdere å etablere konkrete samarbeid innan ulike støttefunksjonar. Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) vart bedt om å ha prosjektleiing av dette arbeidet, og det er Bent Gunnar Næss som har vore prosjektleiar.

Rådmannsutvalet er styringsgruppe og har vurdert kva område/tenester som er aktuelle for samarbeid. I første omgang var det vedtatt å sjå på følgjande område:

- Rekneskap – økonomi
- Arkiv
- Sentralbord – kundeservice

Som grunnlag for utgreiing av konkret samarbeid er følgjande hovudprinsipp vedtatt av rådmannsgruppa:

- Ikkje flytting av arbeidsplassar geografisk
- Felles leiging
- Kvaliteten på tenestene må oppretthaldast og på sikt bli betre
- Kostnadane med tenestene må på sikt bli lågare
- Tenestene må standardiserast (avgjerder, arbeidsprosessar, avtalar m.v.)


Status

For rekneskap/løn og økonomi skal det vera ein felles ressurs som skal hjelpa kommunane til meir standardisering og å nytta beste praksis.

For arkiv og sentralbord/kundeservice er det utarbeidd to rapportar som er grunnlag for at kommunane kan gjera val om korleis eit eventuelt samarbeid kan organiserast.

Kontaktperson for samarbeidsprosjekta er Bent Gunnar Næss.

Prosjekta har følgd denne styringsmodellen:



Etablerarhjelp

Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) tilbyr etablerarhjelp, og sidan 2017 har NUI også forvalta etablerarfond for Bergensregionen.

ETABLERARHJELP

Etableraren har ofte trong for hjelp, t.d. med å laga forretningsmodell og ein plan for verksemda, men også ulike å få på plass løyver og reguleringar. Det er fleire miljø som bidrar til etablerarhjelp i Nordhordland, mellom anna:

- Kommunane
- Etablerarsenteret i Bergen
- Industriutvikling Vest
- Nordhordland Næringshage
- Gulen og Masfjorden Næringshage
- Gulen og Masfjorden Utvikling

Dei aller fleste etablerarane vender seg til desse og får hjelp. Dei som kontaktar NUI vert etter ein kartleggingssamtale vist til relevant instans for hjelp vidare. NUI skriv også ei næringsfagleg vurdering for etablararar som søker NAV om fortsatt dagpengar under oppstart av eiga verksemd. I 2018 gjaldt dette 5 personar. NUI deltok også på NAV Nordhordland sin fagdag og orienterte om hjelpappararatet i regionen.

Kontaktperson for etablerarar i NUI er Kari Evensen Natland.

Etablerarkurs

Etablerarsenteret i Bergen tilbyr kurs innan krav og reglar, forretningsplan og økonomi. Kursa er i Bergen og om lag 20 slike kurs i løpet av året. Det er også tilbod om kurs på engelsk. Hausten 2018 samarbeida Nordhordland Næringshage, NUI og Etablerarsenteret om gjennomføringa av ein kurspakke (bestående av 3 kurs) i Nordhordland, i NUI sine lokalar i Knarvik. Det var 9 deltakarar.

Team Nordhordland

Team Nordhordland er eit fagleg nettverk for næringsutvikling i Nordhordland. NUI administrerer nettverket som består av 10 medlemmer knytt til næringsutviklingsmiljøa i regionen. I 2018 har det vore tre møter i nettverket. Eitt møte var med fokus på kva nettverket skal vera. Vidare var det eitt møte i Austrheim saman der fleire frå det nasjonale hjelpappararatet deltok som Brreg, Patentstyret og Altinn. Det siste møtet var i Gulen med bedriftsbesøk.

ETABLERARFOND BERGENSREGIONEN

Forvaltning av midlane

NUI har sidan 2017 forvalta midlane som Hordaland fylkeskommune har sett av til etablerarfond for Bergensregionen. Målgruppa for tilskotet er etablerarar som vil starte opp ei ny bedrift.

Det kan maksimalt løyvast Kr 50 000 i tilskot og det skal gå til kostnader med oppstart som t.d. marknadsundersøking, kompetanseheving, profilering m.. Det vert ikkje gitt tilskot til fysiske investeringar.

Kontaktperson for etablerarfondet er Bent Gunnar Næss.

I 2019 var midlane i praksis fordelt ut før sommarferien. Det viser at ordninga er populær. NUI får 5 % av løyvinga for å gjera denne forvaltarjobben. Fordeling og rekneskap er vist i tabellen under:

Etablerarfond - fordeling	2017	2018	2019
Ramme- etableringstilskudd	2 624 000	3 897 976	2 000 000
+ Overført- inndratt fra tidligere år	554 687	607 067	300 000
Total ramme	3 178 687	4 505 043	2 300 000
- Adminstrasjon	131 200	204 900	100 000
=Ramme til etablerere	3 047 487	4 300 143	2 200 000
Tal etablerar som har fått tilskudd	63	90	49

Nordhordlandspakken

Arbeid med prosjekt i Nordhordlandspakken starta opp i 2019.


Regionrådet i Nordhordland har sidan 2004, då det første utfordringsnotatet vart laga, arbeidd med å få på plass ein samferdselspakke som skal medverka til at Nordhordland skal fortsetja å vera ein konkurransedyktig region med eit aktivt og velfungerande næringsliv. Regionrådet gjennom Nordhordland Utviklingsselskap IKS (40%), Hordaland fylkeskommune (40%) og Bergen kommune (20 %) har vore eigarar av pådrivarselskapet Nordhordlandspakken AS.

Nordhordlandspakken inneheld investeringar i prosjekt som har høg samfunnsnytte i form av transportøkonomiske innsparingar, betre framkomst, betre trafikktryggleik, betre lokalmiljø og styrking av kollektivtrafikken. Sårbarheita for vegnettet vert mindre ved utbygging av nytt vegsamband mellom Bergen og Nordhordland, og ved å byggja ut ringvegnettet i Nordhordland til ein betre standard.

Nordhordlandspakken vart vedtatt av Stortinget 28.11.2017.

Prosjekt i Nordhordlandspakken

- | | | |
|--|-------------------------------------|--|
| 1. Fv. 565 Marås-Soltveit, Radøy | 7A. Kollektivtiltak E39, Meland | 13. Fv. 409 kollektivtiltak, Manger, Radøy |
| 2. Fv. 57 Knarvik-Isdalstø, Lindås | 7B. Kollektivtiltak Knarvik, Lindås | 14. Fv. 57 Vatne-krysset, Radøy |
| 3. Fv. 245 Fosse-Moldekleiv, Meland | 8. Fv. 565 vegutbetring, Austrheim | 15. Molvik-krysset, Lindås |
| 4A. Fv. 564 Fløksand-Vikebø, Meland | 9. Fv. 570 vegutbetring, Masfjorden | 16. Fv. 565 Radøy/Lindås-Sæbø skule, Radøy |
| 4B. Fv. 564 Undergang på Holme, Meland | 10. Fv. 423 vegutbetring, Fedje | 17. E39 Vikane-Eikangervåg, Lindås |
| 5. Fv. 564 Frekhaug-krysset, Meland | 11. Fv. 569 vegutbetring, Modalen | 18. Fv. 564 Sandskaret-Holme, Lindås |
| 6. E39 Knarvik sentrum, Lindås | 12. Fv. 564 Fosse-krysset, Meland | 19. Fv. 565 Hilland-Radøy, Lindås |



Grunnlaget for vedtaket var Prop.164 S (2016-2017). Her ligg det inne 19 prosjekt med ei ramme på 1.5 mrd.

Av stortingsproposisjonen går det fram at det skal etablerast eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet i Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføringa av Nordhordlandspakken. Kontaktutvalet skal retta seg etter økonomiske rammer, prioriteringar, føringar og retningslinjer slik det kjem fram i Prop. 164 S. Dette mandatet er kontaktutvalet si forståing av Stortingsproposisjonen. Kontaktutvalet er etablert med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Regionrådet er representert med ordførar I Meland, Øyvind Oddekvalv og dagleg leiar i NUI, Rune Heradstveit. Hordaland fylkeskommune ved samferdslesjefen leiar utvalet, medan Statens vegvesen har prosjektleiar.

I løpet av 2019 er ein kome i gong med fleire prosjekt i Nordhordlandspakken, m.a. trafikksikring / undergang ved Holme i Meland, kollektivterminal i Knarvik og vegutbetningsprosjekt i Masfjorden. Innkrevjing av bompengar startar 1. desember 2019.

Nyborgtunnelen var lenge det viktigaste prosjektet ein jobba med i Nordhordlandspakken, men av di Bergen kommune enno ikkje har konkludert med korleis tunnelutløpet skale løysast i Åsane, inneheld Nordhordlandspakken, slik han føreligg no, berre prosjekt i Nordhordland.

E39 Klauvaneset - Vågsbotn

I denne Regionrådsperioden har Bergen kommune og Statens vegvesen bestemt at ein ny veg frå Klauvaneset til Åsane skal knytast til ringveg aust (Vågsbotn-Arna-Fjøsanger), og difor gå frå Klauvaneset til området Vågsbotn.

Kart over bomstasjonar.




Styret i Nordhordlandspakken AS har vore oppnemnt av eigarane; Nordhordland Utviklingsselskap IKS (Regionrådet), Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. På Kårbø var styreleiar fram til 2016, då overtok Jon Askeland. Dagleg leiar i NUI, Rune Heradstveit har vore sekretær.

Selskapet Nordhordlandspakken AS vart avvikla i 2019, og Regionrådet jobbar derfor no politisk med ny veg frå Klauvaneset til Vågsbotn. Regionrådet har i perioden hatt fleire positive møte med byrådet i Bergen om saka, og ein jobbar no saman om å få prosjektet inn i første periode av ny Nasjonal transportplan som skal leggast fram i 2021, og at det dermed kan verta byggjeart i 2025. Nordhordland Næringslag har vore ein viktig støttespelar i dette arbeidet.

Statens Vegvesen har i 2019 jobba med kommunedelplan og konsekvensutgreiing for strekninga Arna-Vågsbotn-Klauvaneset. Forslag til planprogram har vore ute på høyring/ offentlig ettersyn og revidert forslag til planprogram er sendt inn til Bergen kommune for slutthandsaming og fastsetjing. Det har parallelt vore jobba med optimalisering av traséalternativa og det er starta arbeid med konsekvensutgreiing, førebels basert på revidert forslag til planprogram.

Meir informasjon om Nordhordlandspakken og prosjekta finn ein her:

<https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/nordhordlandspakken>



Nordhordlandsbrua. Foto: Eivind Senneseth.

Ny organisering av reiseliv i Nordhordland

Kommunane i Region Nordhordland har i perioden fått på plass ny satsing på reiseliv, organisert gjennom Bergen reiselivslag.

Det vart i fleire år jobba nasjonalt og regionalt med korleis ein kunne effektivisera arbeidet med reisemålselskap og oppnå større vinst med å organisera reiselivet i større regionar. I Hordaland vart det også gjennomført ein prosess frå 2014 for å sjå på korleis organiseringa av dei ulike regionene kunne gjerast. Ein ekstern konsulentrapport ga bidrag i denne prosessen. I vår del av Hordaland vart det arbeidd med temaet «Bergen og kysten». Dette resulterte i ein prosess der kommunane i Kysteventyret, Region Nordhordland og Bergen saman utvikla ein forretningsplan basert på felles organisering.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS deltok i dette arbeidet, og i 2016 la selskapet fram forslag til ny organisering av reiselivsarbeidet for kommunane i regionen. Det vart inngått ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS på vegne av kommunane i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy). Vidare vedtok kommunane å gje årlege tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget.


Samarbeidsavtalen vart utarbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra. Avtalen vart lagt fram for kommunane for endeleg signering, og den er i dag styrande for samarbeidet ein har innafor reiselivssatsinga.

Den nye organiseringa av- og samarbeidet med, Bergen reiselivslag har vore særskild positiv for Region Nordhordland. Det har gitt tilgang til høg reiselivskompetanse i eit særskild profesjonelt destinasjonsselskap og det har kome i gong konkrete prosjekt og mange prosessar som byggjer opp under reiselivssatsinga i Nordhordland.

Her kan nemnast:

- Jamlege nettverks- og arbeidsmøter for reiselivsnæringa i regionen
- Generell marknadsføring i Visit Bergen sine sentrale brosjyrar, og distribusjon gjennom eit omfattande nettverk.
- Fleire visningsturar i regionen for sentrale turoperatørar
- Kartbrosjyren Coast som viser rundreiser i kommunane utanfor Bergen.
- Ullruta, som er omtala under SHAPE-prosjektet – eit samarbeid mellom Biosfæreprosjektet, Visit Bergen og aktørane.

Bergen reiselivslag rapporterer tilbake til Regionrådet og kommunane, og har møtt jamleg i regionrådsmøter. Dei har også vore i formannskaps- og kommunestyremøter på førespurnad.



Kompetansutvikling i Nordhordland

Det er fleire lokale satsingar for å medverke til god kompetanseutvikling i Nordhordland.

Kompetanseforum NORD

Kompetanseforum NORD er eit samhandlingsforum for felles satsing på kompetanseheving i regionen. Kompetanseforum Nord er ein del av Kompetanseforum Hordaland, og ein har liknande fora i andre deler av fylket.

I Kompetanseforum Nord deltar representantar frå Nordhordland Næringslag, Regionrådet/Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Hordaland fylkeskommune, rektorane frå dei tre vidaregåande skulane (Austrheim, Knarvik og Osterøy), NAV, Karriere Hordaland, Nordhordland opplæringskontor og tre nøkkelbedrifter (Framo, Equinor, Bergen Engines)

Kompetanseprosjektet

Kompetanseprosjektet har som målsetjing å styrka samarbeidet mellom skular og bedrifter, gje elevar betre kunnskap om yrkesval og sikra at lokale bedrifter får den kompetansen dei treng. Prosjektet er eit initiativ frå Nordhordland Næringslag, og er betalt 50 % av Hordaland fylkeskommune og 50 % av kommunane i Region Nordhordland. Det er oppretta ei eiga styringsgruppe for prosjektet, der fylket, kommunane og næringslivet er representert. Vivian Kårbø har leia prosjektet sidan 2008. Nokre av aktivitetane i Kompetanseprosjektet:

- Utdanningsmesse for Nordhordland. Ei messe for foreldre og elevar på 9. og 10. trinn i ungdomsskulen og vidaregåande skule. Lokalt næringsliv og utdanningsinstitusjonar er representert. Det er Regionrådet i Nordhordland som eig utdanningsmessa, og som ber kostnadane gjennom kommunane. Jobben med å gjennomføra messa er delegert til Vivian Kårbø i Nordhordland Næringslag.
- Målretta arbeid for å auka talet på læreplassar i regionen.
- Ressursgruppa (pensjonistar frå næringslaget sine medlemsbedrifter), som i samarbeid med NAV hjelper ungdom som har slutta på vidaregåande til å få arbeidspraksis og/eller læreplass.

Les meir om Kompetanseprosjektet på Nordhordland Næringslag sin heimeside: www.nonl.no

Kompetanse og utdanning i Nordhordland

«Kompetanse og utdanning i Nordhordland: Strukturer, samarbeid og erfaringar frå regionen» (2019) er ein rapport utarbeidd av Universitetet i Bergen etter bestilling og finansiering frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Nordhordland Næringslag og Hordaland fylkeskommune.

Studien tek for seg strukturelle tilhøve knytt til befolkning, næringsliv og sysselsetjing, utdanningstilbod i den vidaregåande skulen, og korleis vidaregåande opplæring involverer skular og verksemdar i ulike former for opplæringsarbeid.

Studien er mellom anna basert på 93 intervju med verksemdar i næringsliv og offentlege institusjonar, i tillegg til ni fokusgruppe- og nøkkelinformantintervju med kommunar og andre institusjonar.

Rapporten avsluttar med praktiske råd og fleire tilrådingar. Han peikar mellom anna på kva områder som bør utviklast:

- Aktivisering av ikkje-godkjente lærebedrifter
- Betring av arbeidsvilkår og opplæringsteknologi
- Praksis tidlegare i utdanningsløpet.

Samarbeidet mellom skule og lokalt næringsliv er langsiktig, og det har mellom anna blitt styrka gjennom Kompetanseprosjektet. For meir informasjon om rapporten: www.regionnordhordland.no

Interkommunal Nærings- og samfunnsplan

Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland vart ferdigstilt hausten 2016 og skal peika på vegen fram mot 2025.

NUI var ansvarleg for planarbeidet som starta i 2014, og planen vart utvikla gjennom felles arbeid på tvers av kommunane, saman med næringslivet og deltaking frå mange lag og organisasjonar i regionen. Det vart gjennomført grundige prosessar for å få mål, strategiar og tiltak på plass, og planen var både på administrativ og offentleg høyring i kommunane.

Føremålet med nærings- og samfunnsplanen var å førebu Region Nordhordland på auka vekst i folketalet, og framtidige endringar i næringslivet som følgje av lågare aktivitet i oljerelatert industri. Tiltaka i planen var prega av nødvendige omstillingar for ei berekraftig framtid. Gjennom planarbeidet skulle ein finna mål og strategiar for korleis Nordhordland kan nytta nærleiken til Bergen som eit fortrinn og samstundes ha ein klar identitet som sjølvstendig region. Planen skulle også innebera ei regional konkretisering av aktuelle tiltak i t.d. Strategisk næringsplan for Bergensregionen, og den skulle elles tilpassast andre vedtekne fylkeskommunale / regionale planar og dokument som Regional plan for attraktive senter i Hordaland, Regional transportplan Hordaland, Regionalt bygdeutviklingsprogram Hordaland, Regional klimaplan og Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Sentrale spørsmål i planarbeidet var:

- Korleis leggja til rette for den venta auken i folketalet?
- Kva er viktig for at næringslivet i regionen skal bløma og korleis kan dei lokale styremaktene leggja betre til rette?
- Korleis skal vi sikra oss tilgang til kompetansen vi treng for framtida?
- Kva skal til for å stimulera til innovasjon og gründerskap i regionen?
- Kva må på plass for å auka trivsel og kjensla av å høyre til i regionen?

Den interkommunale samfunns- og næringsplanen er meint å vera ein overbyggande plan for kommunane i regionen og Nordhordland Utviklingsselskap IKS, men skal og kunne nyttast av næringslivet og andre utviklingsaktørar. Samfunnsoppgåver vert løyst i eit samspel mellom kommunane og næringslivet, og planen er eit grunnlag for korleis Region Nordhordland kan gå saman inn i framtida.

Planen er bygd opp med fokusområda Næringsliv, Innovasjon og gründerskap, Bumiljø og tettstadutvikling, Infrastruktur og Omdøme. Kvart av desse fokusområda har så mål og strategiar for å nå måla og handlingsplan med tiltak.



Nothus, Masfjorden. Foto: Anette Thorsheim.

Vassområde Nordhordland

EU sitt rammedirektiv for vatn, vassdirektivet, er eit av dei viktigaste miljødirektiva i Europa. Vassområde Nordhordland er eit av fem vassområder i Hordaland vassregion.

Heilskapleg forvalting av vatn frå fjell til fjord

EU sitt rammedirektiv for vatn, vassdirektivet, gir konkrete miljømål som ein er forplikta å nå. Det viktigaste verktøyet er heilskaplege vassforvaltningsplanar i kvar vassregion, på line med resten av EU. Noreg har tatt vassdirektivet inn i EØS-avtalen, og hovudmålet med gjennomføringa er å sikra berekraftig vassbruk i alt kystvatn og vassdraga. Vassforskrifta er det norske lovverket som styrer gjennomføringa av vassdirektivet her til lands.

Konkrete miljømål og meir langsiktige løysingar

Måla går frå fysisk og kjemisk kvalitet, til økologisk kvalitet. Direktivet krev auka miljøovervaking av vatn, slik at me kan følgja med på det som skjer i vassdraga, grunnvatnet og kystvatnet, både dei kjemiske og biologiske tilhøva. Årsakene til dårlege miljøtilhøve skal avdekkast, og om naudsynt skal det setjast i verk forbetringstiltak. Poenget blir å finna ut kor mykje menneskeleg påverknad fisk, muslingar, tareskog m.v. kan tåla.

Vassområde Nordhordland

Vassområde Nordhordland er eit av fem vassområder i Hordaland vassregion. Dei største utfordringane i vassområde Nordhordland er forureining frå industri, spreidde avlaup, landbruk, oppblomstring av blågrønalgar i vassdraga, forsureing (sur nedbør), og fysisk påverknad frå kraftregulering.

Lokal forskrift for spreidde avlaup

I 2018 vart det gjort eit arbeid med å utarbeida forslag til felles lokal føresegn for spreidde avlaup for kommunane i Nordhordland. Målet med dette er å sørgja for god forvaltning av vatnet vårt, og å gjera sakshandsaminga meir eins mellom kommunane. Arbeidet vart utført av ei arbeidsgruppe frå kommunane Austrheim, Lindås og Radøy, på oppdrag frå fagstyret i Nordhordland Digital. Kjersti Isdal, NUI var sekretær for arbeidet.

Vasstiltak i landbruket

Gjennom prosjektmidlar frå Hordaland fylkeskommune vart det i 2018 gjennomført eit kartleggingsprosjekt for

å sjå på korleis ein kan få til gode tiltak i landbruket for å betra vasskvaliteten. Prosjektet var eit samarbeid mellom landbrukskontora i regionen, Hordaland fylkeskommune, fylkesmannen i Hordaland og landbruksorganisasjonane. Prosjektleiinga vart innleigd.

Relevante lenker:

På www.vannportalen.no finn en informasjon om arbeidet med å gjennomføra føresegna om rammer for vassforvaltninga i Noreg (vannforskriften), og anna arbeid knytt til EU sitt rammedirektiv for vatn (vanndirektivet).

[Vann-nett](#) er ein database og web-applikasjon med avansert kartfunksjonalitet der ein finn all informasjon knytt til karakterisering og resultat av miljøtilstand.

Arbeidet er nasjonalt, og starta opp i 2011. I Hordaland har arbeidet vore finansiert av Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland. Frå nyttår 2020 vert vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane slege saman til Vestland vassregion. Vassområdekoordinator for Nordhordland er Kjersti Isdal, NUI.



Prøvetaking i vassdrag i Austrheim. Foto: Sveinung Klyve.

19. juni 2019 vart Nordhordland tildelt status som UNESCO Biosfæreområde av UNESCO sitt hovudkvarter i Paris – som det første biosfæreområdet i Noreg.

Det har i perioden vore arbeid systematisk og mot mange interessegrupper for å sikra informasjonsflyt, forankring og få på plass alle element som skulle til for ein god søknad til UNESCO. Målet har heile tida vore å få eit breiast mogeleg grunnlag for å bli eit UNESCO biosfæreområde. Hovudsøknaden vart ferdigstilt i september 2018.

Arbeidsgruppa i prosjektet har i heile perioden hatt møte kvar veke, enten i vanleg møteform eller på Skype. Dette for å halda framdrift, kvalitetssikra arbeidet og møta utfordringar i ein tidleg fase. Dette har vore avgjerande for resultatet. Det har vore 13 møter i styringsgruppa i prosjektet. Kontaktperson for satsinga er prosjektleiar Kari Evensen Natland.

UNESCO sitt biosfæreprogram (MAB)

UNESCO sitt program Man and the Biosphere vart etablert i 1971 for å fremja eit tverrfagleg fokus på kunnskapsbasert, berekraftig utvikling. Det viktigaste verktøyet for MAB er oppretting av biosfæreområde. Desse skal vera modellområde for ei positiv, berekraftig utvikling basert på området sine eigne naturgitte, kulturelle og økonomiske føresetnader, ressursar og utfordringar. Det er 686 biosfæreområde i verda i 122 land. I Europa er det 145 biosfæreområde i 34 land. Nordhordland er det første biosfæreområdet i Noreg.

Prosjektperiode: 2013-2019

Finansiering: Kommunane i Nordhordland, UNESCO-kommisjonen, Grieg-foundation

Prosjekteigar: Nordhordland Utviklingsselskap IKS


Prosjektleiar: NUI v/ Kari Evensen Natland

Prosjektmedarbeidarar: UiB v/ Peter Emil Kaland og Inger Måren, NUI v/ Kjersti Isdal og NORPR v/Arne Abrahamsen (innleid)

Eitt av dei heilt grunnleggjande krava UNESCO stiller til eit biosfæreområde er at initiativet og arbeidet for statusen må starta lokalt og vera lokalt forankra. I tillegg er det krav om at området i søknadsfasen må starta å virka som om dei allereie har status som eit biosfæreområde. Med utgangspunkt i dette har det vore arbeid på mange plan for å sikra dette, mellom anna med:

- Kommunikasjonsarbeid og forankring
- Hovudsøknad
- Lokale prosjekt
- Forsking og utvikling
- Internasjonalt arbeid og deltaking i MAB-programmet

Nordhordland biosfæreområde vist som en ressursprofil fra hav til fjell. Illustrasjon: Kjersti Isdal.



KOMMUNIKASJONSARBEID OG FORANKRING

Det vart tidleg bestemt at Nordhordland Biosfæreområde skal representera dei viktigaste ressursane for Vestlandet og Noreg som, i tillegg til menneske som bur her, er natur, vatn, fisk og petroleum.

Alle dei 11 kommunane som er med, har gjort vedtak om at dei ønsker å vera ein del av biosfæreområdet. Dei siste vedtaka vart gjort våren 2018. I tillegg har dei fem kommunane som området har «lånt areal» frå, godkjent dette. I 2015-16 tok prosjektet del i UNESCO sin kommunikasjon- og merkevarerbygging for MAB-programmet internasjonalt. Nordhordland vart her ein av pilotane i arbeidet til UNESCO.

Informasjonsarbeid har i perioden fram til tildelinga, hovudsakleg vore basert på møte med kommunane og med ulike lag/organisasjonar, på deltaking i konferansar og gjennom prosjekta som er sett i gang.

Målet har vore å formidla konkret kunnskap og byggja opp ei interesse for satsinga. Nettsida er oppdatert og ein har ei prosjektside på Facebook. Det har vore mediedekning både i lokal, regional og landsdekkande presse som NRK og Aftenposten sitt magasin «Innsikt». I samband med tildelinga og i perioden etter har ein intensivert kommunikasjonsarbeidet og fått mykje omtale i media, og delteke på oppdrag, møte og konferansar mv. Prosjektet er vorte enno meir aktiv i sosiale media og har no også Instagram- og YouTube-kanal. Det er bl.a. laga film frå opningsmarkeringa av biosfæreområdet. I samarbeid med

Prosess og status

Juni 2013: Samarbeidsavtalen mellom Universitetet i Bergen og Regionrådet i Nordhordland vart underskriven. Dette var startskotet på arbeidet med at Nordhordland skulle få status som eit UNESCO biosfæreområde. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå NUI og UiB, og ei styringsgruppe samansett av ordførarar, representantar frå fylke, lag / organisasjonar og næringsliv. Arbeidet har vore omfattande med forankring både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Mars 2014: Forstudie ferdig og handsama i Nordhordland.

Juni 2014: Klima og miljødirektoratet vedtok å satsa på MAB-programmet i Noreg. Ein nasjonal MAB-komité vart sett ned, leia av Miljødirektoratet.


Desember 2016: Nordhordland fekk status som Noreg sin offisielle kandidat til å bli det første biosfæreområde i Noreg.

Våren 2018: Hovudsøknad ferdig og handsaming i Regionråd og i kommunane.

Hausten 2018: Hovudsøknad handsama i Regjeringa og sendt til UNESCO i Paris.

Juni 2019: Nordhordland vart tildelt status som Biosfæreområde i UNESCO sitt internasjonale møte for MAB-programmet i Paris.

Kart: Peter Emil Kaland og Lina Haggard.



Meland kommune er det produsert filmar om "Klimabonden", ei rekke småfilm som handlar om klimatilpassing basert på lokale tilhøve. Målet er å dele erfaringane og dei praktiske tiltaka på ein lett tilgjengeleg måte til inspirasjon og lærdom for andre. Filmene er publisert på www.youtube.com/kanal:Nordhordland UNESCO Biosfære.


ARBEIDET MED HOVUDSØKNADEN

Arbeidet med hovudsøknaden har vore omfattande, tidkrevjande og involvert særskilt mange av våre samarbeidspartar. Redaktør av søknaden, Peter Emil Kaland (UiB), har koordinert arbeidet på ein framifrå måte. Søknaden er skriven i tråd med UNESCO sin mal for søknader til MAB-programmet. Den faglege delen er skriven av ulike bidragsytarar ved UiB, med UNESCO Chair Inger Måren i spissen. Samandraget, mål/ utviklingsdelen og design og layout har NUI hatt ansvaret for.

Prosjektet har hatt eit godt samarbeid med Miljødirektoratet undervegs i prosessen. Den siste kvalitetssikringa av søknaden vart gjort av UNESCO Chair Martin Price, tidlegare medlem av UNESCO Advisory Committee (handsamingskomiteen av slike søknader i MAB-programmet). Regjeringa sende formelt søknaden til UNESCO 30. september 2018, og han vart handsama i fleire departementa utover hausten. Den endelege søknaden vart sendt 18. desember 2018.

Opningsmarkering av Nordhordland UNESCO Biosfære og utarbeiding av strategi for arbeidet

20. september 2019 var det opningsmarkering. NUI inviterte til nattevandring for berekraftmåla, inspirert av konseptet som Norad har utvikla. Vandringa gjekk til Håøytoppen der berekraftflammen vart tent og Atle Hamar, statssekretær i Klima- og miljødepartementet, stod for den offisielle opninga. Om lag 170 menneske deltok, og arrangementet vart ein



stor suksess! Det er produsert ein informasjonsbrosjyre og ein del marknadsføringsmateriell. Det vart og laga ein film som viser det flotte opningsarrangementet.

Hausten 2019 er det arrangert fem involveringsmøte rundt om i kommunane for å gjere informasjon om status og få innspel til strategiar og tiltak i arbeidet som skal gjerast framover. Eit av møta var for næringsliv og forskingsmiljø. Målet er å få ferdig ein plan for biosfæreområdet sine prioriterte strategiar og tiltak litt ut på nyåret i 2020.



BIOSFÆREOMRÅDET SKAL:

- *SAMFUNNSUTVIKLING: Fremja økonomisk utvikling, og ta vare på ressursar, biologisk mangfald og regionen sine kulturelle verdier*
- *FORSKING: Vera pådrivar for kunnskapsdriven, berekraftig utvikling: dialog og tett samarbeid med forskingsinstitusjonar*
- *OMDØMME OG NÆRINGSUTVIKLING: Medverka til*

å løysa konkrete oppgåver på regionalt nivå, som t.d. næringsutvikling og merkevarebygging

- *INTERNASJONALT NETTVERK: Utnytta erfaringsgrunnlaget i UNESCO sitt biosfærenettverk, og delta i internasjonale samarbeidsprosjekt*
- *STOLTHEIT, LOKAL KULTUR OG IDENTITET: Løfta fram ressursane i regionen og medverka til auka bevisstheit, stoltheit og glede på vegne av regionen.*

LOKALE PROSJEKT

Prosjektporteføljen har utvikla seg positivt og dei fleste er omtala i årsmeldinga. Dette er eit viktig arbeid for å synleggjera og konkretisera kva statusen som eit biosfæreområde kan bidra med i regionen.

Prosjektkategoriar:

- 1) Satsing på born og unge
- 2) Næringsutvikling
- 3) Forvaltning i biosfæreområdet

Ung i biosfæreområdet

Mål: Ung i Biosfæreområdet har som mål at born og unge ikkje berre skal læra om berekraft, men at dei skal læra å leva berekraftig og ta aktivt del i ei berekraftig utvikling. Dette skal skje i ulike læringsmiljø både i skule og fritid. Ung i biosfæreområdet vil leggja grunnlaget for at nye generasjonar aktivt bidrar til å utvikla et berekraftig Nordhordland.

Status: Søknadsfase.

Samarbeidspartnarar: FN-sambandet, UiB, skular og lag/organisasjonar i biosfæreområdet. Skulelaboratoriet ved UIB har vore trekt inn som kompetansemiljø.

Heilskapleg forvaltning av landskapet

Kystskogbruk og ope landskap i Nordhordland.

Mål: Nordhordland skal bli eit modellområde for heilskapleg forvaltning av kystlandskapet.

Status: Snart ferdig gjennomført forprosjektfase som har kartlagt behov og kompetanse. Det er søkt etter kandidatar til eit pilotområde for å synleggjera heilskapleg forvaltning og for å hausta lærdom.

Samarbeidspartnarar: Kommunane i biosfæreområdet, ulike landbruksorganisasjonar, UiB, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune.

Forsking/utvikling

Biosfæreprogrammet er ei viktig lenke mellom akademia og samfunnet for ei grøn utvikling i tråd med FN sin Agenda

2030. Nettopp difor er kunnskapsdriven utvikling, forskning og samarbeid viktige punkt for biosfæreområdet, og eit viktig kriterium for å fungera som eit UNESCO Biosfæreområde. Universitetet har fått tildelt ein UNESCO Chair som er knytt til forskning innan MAB-programmet. Inger Måren er utnemnd som Chair. I tillegg til å vera særskild viktig for å få på plass ein fagleg sterk søknad, har ho fått tildelt forskingsmidlar frå MILJØFORSK (NFR) til følgjeforskning på korleis eit område som Nordhordland kan utvikla seg i ei meir berekraftig retning.

INTERNASJONALT ARBEID

Arbeidet med hovudsøknaden har gitt tilgang til eit nettverk av samarbeidspartar internasjonalt, t.d. gjennom vår deltaking i prosjektet SHAPE (sjå eiga skildring i årsmeldinga). Ein er også engasjert i fleire andre prosjekt med deltakarar frå ulike land, og ein ser at internasjonalt arbeid vil bli eit viktig element i biosfæreområdet si verksemd.

EuroMAB og Steering committee

EuroMAB er nettverk for alle biosfæreområde i Europa og Nord-Amerika. Annakvart år vert det arrangert ein 4-dagars konferanse for medlemer i nettverket. I 2017 vart prosjektleiar Kari Evensen Natland vald inn som medlem i Steering Committee for EuroMAB. I 2018 har det vore fleire møte (Skype) for å førebu konferansen i april 2019 i Dublin.

NordMAB

Nettverket for Biosfæreområde i Nord-Europa og Nord-Amerika, NordMAB, har årlege samlingar for å fremja erfaringsutveksling og stimulera til felles prosjektutvikling. Nettverket jobbar aktivt med å kopla biosfæreområda til FN sine berekraftsmål. I 2016-18 har Nordhordland vore medlem av organisasjonskomiteén for nettverket.

Forprosjekt ULL

Ull-prosjektet "Varme trådar" tar utgangspunkt i lokale tradisjonar og har som mål at Nordhordland skal ta ein posisjon i arbeidet med å fremja og foredla norsk ull.

"Varme trådar"

Nordhordland har sauen sitt kulturlandskap, stolte sauebønder, levande handverkstradisjonar og eit nettverk av aktørar/bedrifter som ønskjer å løfta fram bruken av den norske ulla. Med forprosjektet ønskjer ein å få større merksemd på dei ulike sauerasane våre, kvaliteten på den norske ulla, handverkstradisjonar og tekstilindustri, og vise fordelane med å bruke norsk ull i eit berekraftperspektiv, som ein kortreist og fornybar ressurs.

Prosjektet har sett på moglegheitene for ei nasjonal satsing på NORSK ULL etter mønster av «Campaign for wool», som har sitt utgangspunkt i England, men som no er i ferd med å få avleggjarar i mange land. Prosjektet skal bidra til:

- forståing og interesse for sauehald
- berekraftig vidareforedling av ulla
- forskning og utvikling av ulla som råvare og som grunnlag for framstilling av ulike produkt (tekstilar, klede, m.v.)
- vidareføring av tradisjonar (farging, spinning, strikking, veving m.v.)
- marknadsføring og merkevarebygging.



Gjennom ullprosjektet ønskjer regionen å fremja meir bruk av lokal ull. Foto: Ullveka 2018.

Prosjektperiode: 2017 – 2018

Finansiering: Hordaland Fylkeskommune/ Lindås kommune

Prosjekteigar: Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Prosjektleiari: NUI v/ Kjersti Isdal

Prosjektmedarbeidar: NUI v/ Kari Evensen Natland

Prosjektet er ein del av prosjektportefølgjen til :



NORDHORDLAND
UNESCO BIOSFÆRE

Ullveka

Den årlege ULLVEKA er ein 10-dagars ullfestival, og eit viktig "visningsrom" for denne satsinga. NUI ved prosjektleiari Kjersti Isdal har vore koordinator for Ullveka i 2018 og 2019. Saman med styringsgruppa har det vore jobba for å styrkja Ullveka, slik at ho på sikt kan stå på eigne bein økonomisk. Det er utvikla ein ny grafisk profil for å nå ut i marknaden. Det er også laga eit utvida programhefte med relevante artiklar. Lokale designarar er løfta fram (strikkeoppskrifter). Det er organisert ei felles bookingløyising til arrangementa.

Møteplass Ull - internasjonalt seminar

"Møteplass ull" har vore arrangert tre gongar, og er eit fagforum for næringsaktørar og andre interesserte. Eit av arrangementa vart gjennomført som eit internasjonalt seminar, i samarbeid med [ull-prosjektet KRUS](#), med fokus på berekraft og lokale klede.

Samarbeidspartar er Lyngheisenteret, Hillesvåg ullvarefabrikk, Husflidskonsulenten i Hordaland, Sommarakademiet, Nordhordland og Hordaland husflidslag, Nordhordland Utviklingsselskap IKS m.fl.

www.ullveka.no

Saman med andre biosfæreområder, regionalparkar og verdsarvstadar i m.a. Skottland, Finland, Island og Grønland, er Nordhordland med i eit prosjekt som set fokus på berekraftig reiselivsutvikling.

Berekraftig reiseliv i Nordhordland

Me har fått midlar frå EU til å arbeida for utvikling av eit berekraftig reiseliv i Nordhordland: Kva skal til for å byggja opp, eller vidareutvikla, eit berekraftig reiselivsprodukt, tufta på ressursane som finst i regionen (natur, kultur og kunnskap). Prosjektet er kalla SHAPE; Sustainable Heritage Areas: Partnerships for Ecotourism. Partnerane i prosjektet har hatt høve til å besøkje kvarandre sine område for å læra av kvarandre.

Målet med arbeidet er å fokusera på korleis ein kan leggja til rette for eit berekraftig reiseliv ved å nytta dei natur- og kulturressursane som finst i regionen. Dette skal skje på ein måte som gir lønsam næring, og som tek vare på kultur og ikkje forbrukar naturen.

Ullruta – The Wool Heritage Route

I Nordhordland er det i samarbeid med reiselivsaktørane i regionen, gjennomført ei kartlegging av infrastruktur og natur- og kulturressursar. Kartlegginga visar ei stor breidde og mange moglegheiter for ulike retningar innan reiselivsutvikling.

Ullruta i Nordhordland som vart lansert i juni 2019 er utvikla i samarbeid med Bergen reiselivslag og aktørane. Opplegget

Prosjektperiode: 2017 – 2020

Finansiering: EU/NPA-midler

Prosjekteigar: Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Prosjektleder: NUI v/ Kari Evensen Natland

Prosjektmedarbeidar: NUI v/ Kjersti Isdal og NORPR v/ Arne Abrahamsen

Prosjektet er ein del av prosjektportefølgjen til :



NORDHORDLAND
UNESCO BIOSFÆRE

er svært godt mottatt, og brosjyra er godt distribuert. Ullruta skal vidareutviklast til neste sesong.

Partnerane i SHAPE-prosjektet utviklar også ein nettportal der ein skal visa arbeidet, metodane og resultatet som vert gjort av dei ulike deltakarane. Målet er at denne portalen også skal kunna brukast etter at prosjektet er ferdig til hjelp og inspirasjon for andre som skal utvikla berekraftig reiseliv. Prosjektet vil gå fram til våren 2020.

www.shapingecotourism.eu

www.facebook.com/SHAPE.Project/



SHAPE handlar om å bruka lokale kultur- og naturressursar for å fremja berekraftig reiseliv. Her frå besøk på Brattalid, Kujataa verdsarvområde, Grønland, i 2018. Foto: Daisy Silvennoinen.

Smaken av Nordhordland

Smaken av Nordhordland er eit program for lokalmat som skal bidra til kompetansebygging, styrking av nettverk, samarbeid og felles merkevarebygging.

Lokalmat, havbruk og landbruk

Målet med prosjektet er å skapa eit engasjement rundt lokalmat som næring, og havbruk og landbruk som ressurs. Det er viktig å satsa på denne næringa og sjå på moglegheitene som finst, og sjå dette i samband med t.d. reiseliv, historie, tradisjon og kunnskapsformidling om dei gamle mattradisjonane frå vår region.

Visjon: Nordhordland sin mat og vår matkultur skal vera kjend og tilgjengeleg gjennom samarbeid mellom synlege og stolte aktørar.

Aktivitetane i prosjektet er knytt til tre strategiar:

1. Kompetansebygging
2. Styrking av nettverket og samarbeidet
3. Felles merkevarebygging.

I 2018 har det vore to samlingar der ein har sett fokus på kompetanseheving for mattryggleik. I tillegg vart det arrangert ei sær s vellukka samling der produsentar og salsledd møttest for å byggja samarbeid og nettverk. Det har

Prosjektperiode: 2017 – 2020

Finansiering: Kommunane i regionen, Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Prosjekteigar: Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Prosjektansvarleg: NUI v/ Kari Evensen Natland

Prosjektleiar: Hildegunn Opdal ved Gulen og Masfjorden Næringshage (20% stilling).

Prosjektet er ein del av prosjektportefølgjen til :



også kome på plass ein del marknadsføringsmateriell.

Vidare har prosjektet koordinert og delfinansiert ein stor fellestand på Bergen Matfestival, der 9 lokalmatprodusentar stod saman om å promotere seg sjølv og Nordhordland som matregion.



Frå prosjektet Smaken av Nordhordland. Foto: Hildegunn Opdahl.

Jordmassar - ta vare på matjorda!

Korleis nytta massar frå utbygging som ressurs for landbruk og samfunn på ein god måte for innbyggjarar og miljø?

Bakgrunn for prosjektet er store utbyggingar til næring og bustadutbygging i Nordhordland med mykje overskot av jord- og steinmassar som må handterast. Framover er det forventet fleire utfordringar knytt til utbygging i Mongstad-området og sørover. Kommunane har hatt ulike tilnærmingar for å løysa problemstillingane kring overskotsmassar, og det manglar ein felles forvaltningspraksis for å handsama dette på ein samfunnsgagnleg måte. For å finna felles løysingar vart det i 2015 gjennomført eit hovudprosjekt.

Hovudprosjektet har hatt som mål å betra utnyttinga av massar frå utbygging som ressurs til nytte for matproduksjon/landbruk og samfunnet elles på ein måte som førebygg konflikter med innbyggjarane og miljøet. For å nå dette målet har prosjektgruppa utarbeidd ein erfaringsbasert rettleiar og arrangert kurs og seminar.

Erfaringsbasert rettleiar

Med bakgrunn i eksisterande kunnskap og utfordringar framover var det eit mål å utarbeida ein rettleiar for massehandtering i regionen knytt til offentleg rettsleg handsaming. Prosjektgruppa har laga rettleiaren:

«Jordmassar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda».

Dette er ein erfaringsbasert rettleiar for offentleg forvaltning, og han byggjer på innspel frå ulike fagfelt i Nordhordlandsregionen, frå fylkeskommunen og fylkesmannen, og dei lovverk og føresegner som ligg til grunn i offentleg forvaltning.

Kurs og seminar

I mars 2016 vart det arrangert to kurs for bønder og entreprenørar i Nordhordland. Seminar for forvaltninga i Nordhordland og Bergen vart arrangert 28. september 2016 på Lyngheiseret. Vinteren 2019/2020 vart det arrangert nye kurs fleire stader i Hordaland. Norsk Landbruksrådgiving og [NIBIO](#) har utarbeidd ei handbok retta mot bønder og entreprenørar i bruken av overskotsmassar til jordbruksformål. Handboka tek i stor grad med grunnleggjande kunnskap om jord og jordartar, i tillegg til tema som miljøomsyn. Les meir og last ned handboka på [nlr.no](#)!

Prosjektperiode: 2015–2020

Finansiering: Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og eigeninnsats i kommunane

Prosjekteigar: Meland kommune/NUI

Prosjektleder: NUI v/ Tonje Husum Aarland

Prosjektet er ein del av prosjektportefølgjen til :



NORDHORDLAND
UNESCO BIOSFÆRE

JORDMASSAR

FRÅ PROBLEM TIL RESSURS

- ta vare på matjorda




REGION
NORDHORDLAND

RETTELEIAR FOR OFFENTLEG FORVALTNING

ORGANISASJONSSKISSE

Regionrådet Nordhordland og Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Naustmiljø i Krossøy, Austrheim. Foto: Kjersti Isdal.



REGION
NORDHORDLAND



Krossfjellet, Meland. Foto: Torbjørn Sæle.

KONTAKT OSS!

REGION NORDHORDLAND
Nordhordland Utviklingsselskap IKS
Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø
e-mail: post@nordhordland.net
www.regionnordhordland.no